

2019


Årsrapport

Rettar som er i kraft i Noreg


Tal for 2019 og utvikling dei siste 5 åra




Varemerke



Design






Patent




Talet på søknader

Tal for 2019 og utvikling dei siste 5 åra




Europeiske patent som er sende til validering i Noreg



Kompetanseoverføring i Noreg

Ein del av stadene i Noreg der Patentstyret har spreidd kunnskap om IPR gjennom føredrag og fysiske og strøymde kurs



Patentstyret ut i verda

Patentstyret representerer Noreg internasjonalt i fleire forum der immaterialrett er tema. Vi held også nokre kurs internasjonalt.



Immaterielle rettar

Industrielle rettar



Patent

Eit patent vernar ei konkret løysing på eit teknisk problem. Du kan få patent på ei oppfinning.



Varemerke

Eit varemerke er eit kjenneteikn du kan bruke for å skilje dine varer og tenester frå andre sine.



Design

Designregistrering gjev einerett til utsjånaden og forma på eit produkt – det dekorative eller estetiske aspektet.



Opphavsrett, copyright

Retten til litterære og kunstnarlege åndsverk, til dømes eit musikkstykke, ei bok, eit måleri, brukskunst eller ein film.



Forretningshemmelegheiter

Fortrulege opplysningar om drifts- og forretningsforholda til verksemda, spesifikk kunnskap og teknologiske opplysningar.



Geografiske nemningar

Gjev høve til å verne produktnemningar på mat og drikke ut frå opphav, geografi og tradisjonelt særpreg. Dette blir administrert av Matmerk.

Organisasjonar

Internasjonalt



World Intellectual Property Organization (WIPO)

Verdsorganisasjonen for immaterialrett er ein av spesialorganisasjonane til FN og har som oppgåve å fremje utvikling av immaterielle rettar globalt. WIPO har 192 medlemsland og har hovudsete i Genève. Dei viktigaste søknadsordningane for industrielle rettar som WIPO administrerer, er desse:

Madridprotokollen

er ein internasjonal avtale som gjer det enklare og billegare å søkje internasjonal varemerkeregistrering i fleire land samtidig. Dekkjer 122 land.

Haag-overeinskomsten

er ei internasjonal ordning som gjer at ein ved hjelp av éin søknad kan få vern for designet sitt i dei landa som er medlem av ordninga. Dekkjer 90 land.

Patent Cooperation Treaty (PCT)

er ei internasjonal søknadsordning for patent. Ordninga forenkler innlevering og gransking dersom du skal søkje patent i fleire land. Dekkjer 153 land.

Regionalt



European Union Intellectual Property Office (EUIPO) er varemerke- og designstyresmakt for EU. EU-varemerke og EU-design gjeld i alle land som er medlem av EU, og derfor ikkje i Noreg. Norske personar og bedrifter kan likevel søkje om EU-varemerke/-design, både direkte og gjennom Madridprotokollen.



Det europeiske patentverket, European Patent Office (EPO) tek imot, behandlar og avgjer europeiske patentsøknader på grunnlag av reglane i den europeiske patentkonvensjonen, som Noreg er tilslutta. Det er 38 medlemsland i Den europeiske patentorganisasjonen.



Nordisk Patentinstitut (NPI) behandlar internasjonale patentsøknader (PCT) for WIPO og utfører oppdrag som mellom anna nyheitsundersøkingar for utanlandske kundar. Noreg er partner i NPI saman med Danmark og Island.

Innhald

Del 1	Leiaren har ordet _____	9
Del 2	Introduksjon til verksemda og hovudtal _____	12
Del 3	Aktivitetar og resultat _____	19
	Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk	20
	Resultat og måloppnåing 2019 ut frå MRS	22
	Rapportering om andre føringar og oppdrag i tildelingsbrevet for 2019	41
	Andre område Patentstyret har ansvar for	43
Del 4	Styring og kontroll _____	47
Del 5	Vurdering av framtidsutsikter _____	51
Del 6	Årsrekneskap _____	53

Dette er ein interaktiv PDF

Bruk knappane nedst til høgre for å navigere i rapporten.

Understreking viser interaktivitet (les meir) og fører deg til rett stad i dokumentet.

Understreking ↗ med pil opp til høgre leier til eksterne nettstader.

1 Leiarer har ordet





Per A. Foss, direktør

Leiaren har ordet

I 2019 hadde Patentstyret høg aktivitet, god inngang av søknader og god bruk av dei ulike tenestene våre gjennom året. Hovuddelen av søknadene kom frå utanlandske søkjarar. Det er viktig at også det norske næringslivet styrkjer konkurransekrafta si gjennom å sikre egne industrielle rettar. Det er derfor med ei viss uro vi ser at trenden med færre patentsøknader frå norske søkjarar held fram også i 2019.

Kundeundersøkingar viser at brukarane var nøgde med dei tenestene vi leverte i 2019. Det økonomiske resultatet viste samtidig at inntektene våre blei høgare enn utgiftene og også vesentleg høgare enn det opphavlege budsjettet. I 2019 hadde Patentstyret eit strammare kostnadsbudsjett enn normalt, og på grunn av dei økonomiske prognosane for året blei budsjetta justerte i samband med nysaldering av statsbudsjettet i desember.

Fleire gode rettar

Eitt av dei to delmåla til Patentstyret er å bidra til fleire gode rettar. I 2019 tildelte vi nesten 17 000 rettar til patent, varemerke og design. I tillegg validerte vi over 8 000 patent der det var søkt om vidareføring frå det europeiske patentverket (EPO); dette var eit rekordhøgt tal. Som del av Nordisk Patentinstitut behandla vi 158 internasjonale patentsøknader via PCT.

Patentstyret har som ambisjon å vere blant dei beste IPR-styresmaktene i Europa. Vi må derfor ha høg kvalitet på søknadsbehandlinga og samtidig tilpasse henne ut frå behova til søkjarane. I 2019 endra vi organisasjonen for å gjere søknadsbehandlinga meir heilskapleg. Vi innførte

nye, meir kundetilpassa søknadsprosessar med høve til raskare søknadsbehandling og gjorde ein avtale med Kina (Patent Prosecution Highway, PPH) som også gjer det mogleg å behandle patentsøknader raskare.

I 2019 reduserte vi behandlingstida for nasjonale varemerkesøknader, men behandlingstida er framleis for lang for internasjonale varemerkeregistreringar.

For å vere blant dei beste må vi ha rett kvalitet på søknadsbehandlinga. Interne og eksterne målingar, mellom anna harmoniseringsstudiar med EPO, viser at vi når dei måltala vi har sett for kvalitet. Eit anna mål på om vi lykkast, er om kundane våre er nøgde. Kundemålingar viser at dei i stor grad er det, og at vi når måla på dei fleste områda.

Ein stadig større del av kontakten med kundane skjer no digitalt. Gode og brukarvenlege digitale tenester er viktig for effektiv dialog og gode kundeopplevingar, og Patentstyret heldt i 2019 fram utviklinga av desse tenestene.

Digitalisering blir stadig meir avgjerande for heile verksemda, men er samtidig både ressurskrevjande og komplekst. På oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har vi derfor utarbeidd Digital 24, ein strategi for vidare digitalisering av Patentstyret fram mot 2024.

Skal vi bidra til fleire gode rettar i næringslivet, krev det at vi kjenner næringslivet og kva tenestebehov det har. Vi har derfor som ambisjon også å kome tettare på kunden.

Den viktigaste kundegruppa vår er dei profesjonelle IPR-rådgjevarane. For å styrkje dialogen med dei etablerte vi i 2019 saman med bransjen IP-dagen, ein møteplass som skal bidra til å styrkje og synleggjere IPR-bransjen i Noreg.

Betre bruk av immaterielle verdiar

Det andre delmålet til Patentstyret er å bidra til betre bruk av immaterielle verdiar. Dette handlar ikkje minst om å hjelpe næringslivet til å forstå kva immaterielle verdiar dei har i verksemda, og korleis dei kan utnytte desse verdiane i forretningane sine, mellom anna gjennom å sikre seg industrielle rettar som patent, varemerke og design.

Patentstyret har fleire kontaktflater mot næringslivet. Den viktigaste er kundesenteret vårt, som i 2019 handterte 9 500 førespurnader frå ulike typar kundar – både profesjonelle og gründerar. Vi ønskjer å ta best mogleg vare på kundane våre, og det var derfor svært inspirerende at kundesenteret til Patentstyret blei kåra til beste kundesenter i offentleg sektor i 2019.

Ei anna kontaktflate mot næringslivet er det offentlege verkemiddelapparatet. I 2019 heldt vi fram med å utvikle samarbeidet med dei ulike verkemiddelaktørane, til dømes gjennom avtalen med Siva som skal bidra til at kundane til katapultsentera sikrar innovasjonane sine på ein tenleg måte.

Nærings- og fiskeridepartementet har i 2019 hatt ein gjennomgang av det offentlege verkemiddelapparatet. Patentstyret bidrog aktivt i gjennomgangen, som blei leidd av konsultentselskapet Deloitte. Vi noterer med glede rådet deira om å gjere IPR til ein tydelegare del av verktøykassen for innovasjon.

Organisasjon

Patentstyret har ambisjon om å vere ein organisasjon i fornying. I 2019 endra vi organisasjonen og samla mellom anna dei digitale tenestene våre i éi avdeling. I 2019 har vi også førebudd ei ny organisering for patentområdet. Endringa som blir sett i verk i 2020, skal bidra til å auke kvaliteten og fleksibiliteten i patentprosessane.

Arbeidsmiljømålingar viste at Patentstyret framleis har eit godt arbeidsmiljø, og vi såg også ein reduksjon i sjukefråværet i 2019.

Ressursbruk

God verksemdsstyring vil mellom anna seie at ein brukar dei tilgjengelege ressursane fullt ut. I 2019 brukte vi 64 prosent av tida på direkte kunderetta arbeid, prioriterte søknadsbehandling og behandla eit rekordhøgt tal på søknader.

Vi brukte 18 prosent av driftsbudsjettet på IKT-drift, IKT-utvikling og databasekostnader. Som leiar av verksemda meiner eg at vi har hatt god styring og ressursbruk i Patentstyret i 2019. Kvalitetsmålingar og kundeundersøkingar indikerer at ressursbruken har gjeve det resultatet vi ønskte.

Forventningar for 2020

Patentstyret er godt rigga for å gjere ein god jobb i 2020. Vi har medarbeidarar med høg fagleg kompetanse, mykje erfaring og nødvendig pågangsmot. Vi har dei siste åra utvikla organisasjonen og prosessane, og vi er komne relativt langt i den digitale utviklinga vår. Vi har også nógde kundar som har tillit til tenestene vi leverer. Det er likevel mange spennande utfordringar i sikte, og i 2020 vil vi halde fram arbeidet for å bli ei av dei beste IPR-styresmaktene i Europa, mellom anna gjennom eit tettare samarbeid med EPO.

Det offentlege verkemiddelapparatet som Patentstyret er ein del av, vil truleg oppleve endringar på grunn av evalueringa frå 2019. I 2020 blir det derfor viktig for oss å sikre at vi held fram det gode samarbeidet med dei andre aktørane.


Oslo, 2. mars 2020



Per A. Foss, direktør



Introduksjon til verksemda og hovudtal



Introduksjon til verksemda og hovudtal

Patentstyret er eit forvaltningsorgan under Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) og er den styresmakta som behandlar søknader og gjev rettar til patent, varemerke og design i Noreg. Søknadene kjem både frå norsk og utanlandsk næringsliv. Patentstyret arbeider for å auke medvitet og kompetansen om korleis slike rettar kan brukast i innovasjon og forretningsutvikling. Ein viktig del av rolla vår som styresmakt er å gjere informasjon om patent, varemerke og designrettar enkelt tilgjengeleg. Denne informasjonen er ikkje berre viktig for å unngå å gjere inngrep i rettane til andre, men også ei unik kjelde til informasjon i innovasjonsprosessar.

Vi samarbeider med andre verkemiddelaktørar som Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd, DOGA og Siva. Som det viktigaste kompetansesenteret for immaterielle rettar i Noreg bidreg Patentstyret til at norsk og internasjonalt næringsliv, oppfinnarar, designarar og merkevarebyggjarar realiserer potensialet i ideane sine ved at dei gjer rette val når det gjeld bruk av industrielle rettar. Dette blir reflektert i visjonen, samfunnsoppdraget og verdiane til Patentstyret:

Visjon Gjer idear til verdiar

Samfunnsoppdrag

Patentstyret er nasjonal styresmakt for immaterielle rettar og fremjar innovasjon og verdiskaping. Vi hjelper næringsliv og samfunn med å handtere immaterielle verdiar og rettar på ein god måte. Det gjer vi ved å

- behandle og avgjere søknader om patent og varemerke- og designregistrering
- gjere informasjon om søknader og rettar enkelt tilgjengeleg
- rettleie og auke kunnskapen om immaterielle rettar
- utføre informasjonsoppdrag om ulike forhold ved patent, varemerke og design

Verdiar

Dei fire verdiane til Patentstyret skal kjenneteikne det daglege arbeidet vårt og dei vala vi gjer. Verdiane hjelper oss til å gjere visjonen levande, gjennomføre samfunnsoppdraget vårt og nå måla våre.

Truverdig

- Vi opptrer kompetent, etterretteleg og med høg integritet.
- Vi leverer IPR-tenester av høg kvalitet og til rett tid.

Kunderetta

- Vi lyttar til og forstår behova til kunden.
- Vi er tilgjengelege og snakkar og skriv slik at kunden forstår oss.

Engasjert

- Vi tek initiativ og er proaktive.
- Vi samarbeider og hjelper kvarandre.

Løysingsorientert

- Vi søker og utnyttar moglegheiter for forbetring.
- Vi tilpassar oss til endringar.

Nærings- og fiskeridepartementet har sett disse effektmåla for Patentstyret:

Hovudmål

Større bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsemd frå immaterielle verdiar

Delmål


- 1 Fleire gode rettar
- 2 Betre bruk av immaterielle verdiar

Strategien for Patentstyret for perioden 2018–2022 er skildra gjennom fire målbilete som skal bidra til måla til Patentstyret. Målbiletet «Blant dei beste IPR-styresmaktene i Europa» og aktivitetane som er knytte til målbiletet, støttar først og fremst opp under delmålet om fleire gode rettar. Målbiletet «Styrkt IPR-kompetanse i Noreg» og aktivitetane som er knytte til dette målbiletet, støttar først og fremst opp under delmålet om betre bruk av immaterielle verdiar. For å få til dette må vi både vere «Tettare på kunden» og evne å vere «Ein organisasjon i fornying».

Saksbehandlinga i Patentstyret følgjer forvaltningslova, vanlege forvaltningsrettslege prinsipp og lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar (patentstyrelova). Søknader om industrielle rettar blir behandla etter patentlova, varemerkelova og designlova. Noreg har slutta seg til ei rekkje internasjonale konvensjonar på området som også påverkar rammene for Patentstyret.

Patentstyret er partner i Nordisk Patentinstitutt (NPI), som er ei av granskingsstyresmaktene for internasjonale patentsøknader i WIPO. Oppgåvene vi utfører for NPI,

Figur 1: Patentstyrets mål



bidreg til å halde ved like og vidareutvikle nødvendig kompetanse og tenestekvalitet på patentområdet, til beste for det norske næringslivet.


I tillegg til aktivitetane som er skildra i verdikjeda i tabell 1, representerer Patentstyret Noreg i internasjonale forum på immaterialrettsområdet. Vi bidreg i regelverksarbeid innanfor industrielle rettar og støttar ulike departement i spørsmål om IPR.

Patentstyret er lokalisert som éi sentral eining på Sandaker i Oslo. Per A. Foss er direktør og utgjer saman med assisterande direktør, seks avdelingsdirektørar og økonomisjefen leiargruppa i Patentstyret. Vi har 245 tilsette som er fordelt på 233,4 årsverk innanfor fagområde som juss, teknologi, økonomi/administrasjon, informasjon og marknadsføring.

Tabell 1: Viktige samanhengar i verdikjeda til Patentstyret

Ressursar →	Aktivitetar →	Produkt/tenester →	Brukareffektar →	Samfunnseffektar →
233 årsverk 271,1 millionar kroner i samla tildeling på kap. 0935, post 01	Behandle søknader om patent-, varemerke- og designrettar i Noreg	<ul style="list-style-type: none"> • Patent • Varemerkeregistreringar • Designregistreringar 	Sikre immaterielle verdiar og dokumentere eigne rettar	Skape større bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsemd ved hjelp av immaterielle verdiar
	Føre register over søknader og rettar for patent, varemerke og design og gjere dei lett tilgjengelege	Søkje- og varslingsteneste for søknader og rettar i registera	<ul style="list-style-type: none"> • Unngå at rettane til andre blir krenkte • Utnytte kjend teknologi til vidare innovasjon i større grad 	
	Granske internasjonale patentsøknader gjennom NPI	Granskingsrapportar for internasjonale patentsøknader gjennom NPI	Sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for internasjonal patentering	
	Ta imot klagesaker for KFIR (patent, varemerke og design)	Administrativ støtte til KFIR	Gje tilgang til informasjon som går fram av registera	
	Informere og rettleie om immaterielle rettar	<ul style="list-style-type: none"> • Nettstaden patentstyret.no • Nettstaden velgekte.no • Kundesenter • Kurs • Foredrag, seminar og deltaking på innovasjonsarenaer • Aktivitetar i samarbeid med andre verkemiddelaktørar 	<ul style="list-style-type: none"> • Auke medvitet om immaterielle verdiar og rett bruk av immaterielle rettar for å støtte verdiskaping og styrkje konkurranseevne • Betre dei industrielle rettane 	
	Vurdere nyheit, moglegheit for registrering og handlingsrom for ny teknologi	<ul style="list-style-type: none"> • Forundersøkingar om patent • Forundersøkingar om patent gjennom NPI for utanlandske aktørar 	<ul style="list-style-type: none"> • Unngå at rettane til andre blir krenkte • Unngå å bruke ressursar på å utvikle teknologi som allereie er kjend • Bruke patentinformasjon som kunnskapsgrunnlag for innovasjon 	
	Vurdere om eit varemerke eller design er mogleg å registrere	Forundersøkingar for varemerke og design	Unngå å bruke ressursar på å utvikle varemerke som kan forvekslast med varemerka til andre, og unngå å utvikle design som er kjende, og som andre har rettar til	
	Behandle klager på føretaksnamn for Føretaksregisteret	Klageordning for føretaksnamn	Få føretaksnamn som ikkje blir forveksla med andre føretaksnamn eller varemerke	
	Registrere ansvarsmerke som identifiserer produsentar i gull- og sølvsmedbransjen	Registrerte ansvarsmerke	Gje tillit til at varer av edle metall har den finleiken som er stempla på dei	
Lære opp utviklingsland i IPR	Bistandskurs for WIPO med økonomisk støtte frå Utanriksdepartementet	Gje auka kunnskap om industrielle rettar i utviklingsland		

Figur 2: Leiargruppa i Patentstyret



Nøkkeltal

Tabell 2: Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen

Tal i tusen kroner

Nøkkeltal frå årsrekneskapen 2017–2019	2017	2018	2019
Talet på årsverk	239	242	233
Samla tildeling, kap. 935, post 01	242 637	258 690	271 135
Utnytingsgrad, kap. 935, post 01	100 %	99 %	99 %
Driftsutgifter	243 874	256 940	268 988
Prosentdel løn (inkl. pensjonsutgifter) av driftsutgifter	75,6 %	75,9 %	78,1 %
Lønsutgifter (inkl. pensjonsutgifter) per årsverk	771,246	802,399	901,725

Tildelinga på kap. 935, post 01 er auka med 4,5 millionar kroner som følgje av at Patentstyret får tilskot frå Utanriksdepartementet for bistandsarbeid i utlandet. Inntektsløyvinga er dermed auka med dette beløpet.

Talet på årsverk i 2019 er rekna ut med bakgrunn i PM-2019-13 *Definisjon av utførte årsverk* frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Volumtal

Tabell 3: Utvalde volumtal

Tal søknader

Utvalde volumtal	2015	2016	2017	2018	2019
Varemerkesøknader	16 630	15 702	17 307	17 279	17 288
Designsøknader	1 213	1 229	1 253	1 154	1 212
Patentsøknader	1 805	2 062	2 062	1 660	1 531
Europeiske patent mottekte for validering i Noreg	3 339	4 495	5 796	6 826	8 163

Tabellen viser talet på søknader om industrielle rettar og kor mange europeiske patent vi har fått inn til validering i Noreg.

Kundeeksempel

Stingray

Gründerane av Stingray Marine Solutions har skapt havbruksteknologi i verdensklasse med eit enkelt og breispektra patent.

«Å uskadeleggjere ein ekstern fiskeparasitt med lysfoton» er ordlyden i patentet bak den teknologiske nyvinninga. Oppfinninga er ein laser som blir senka ned i vatnet, og som skyt ut pulsar som drep lakselus utan at han skader fisken som sym forbi. Sidan det første kommersielle salet hausten 2014 har selskapet produsert og levert rundt 300 einingar til norske oppdrettsanlegg. Stingray-systemet finst no i over 200 merdar langs kysten av Noreg og har skote snart 1,5 milliardar målretta laserpulsar.

Næring med utfordringar

Oppfinnaren Esben Beck fekk ideen til ei optisk løysing på lakselusproblematikken i 2009. Han skjønnte at kombinasjonen optisk maskinsyn og laserstråle kunne vere svaret på ei av dei mest alvorlege utfordringane til ei heil milliardnæring. Ein sjekk i patentdatabasane viste at ingen hadde patentert noko som baserte seg på laser eller optikk. Han koplå inn ein patentrådgjevar som tilrådde eit breitt patent. Ordlyden i patentsøknaden måtte vere både avgrensande og dekkjande nok. Han skulle dekkje alle typar parasittar som sit utanpå fisken, og ikkje vere avgrensa til laks. I tillegg skulle ordlyden seie minst mogleg om sjølve maskina.

Medviten IPR-strategi

Stingray har opplevd fleire aktørar som har prøvd seg på patentet, men alle har gjeve opp etter kort tid. «Vi har hatt ein svært medviten patent- og merkevarestrategi heilt frå starten. Noko av teknologien er patentert, men det meste har vi valt å halde hemmeleg, seier dagleg leiar John Arne Breivik. «For å hindre lekkasje og tjuveri av idear har vi kravd konfidensialitetserklæringar frå alle involverte. Vi har vurdert nøye om nyvinningar på noden skal patentast eller haldast hemmelege.»

I mai 2019 blei Esben Beck og patentet på luselaser nominert til den prestisjefylte prisen European Inventor Award, som blir delt ut av European Patent Office. Beck enda som ein av tre finalistar i kategorien for små og mellomstore bedrifter. Det er første gong ein nordmann er blant finalistane, og dette må reknast som ei viktig internasjonal anerkjenning av norsk havbruksteknologi og norsk innovasjon.



Dagleg leiar John Arne Breivik (t.v.) og oppfinnaren Esben Beck er gründerane bak bedrifta Stingray Marine Solutions.



Foto: Stingray

3 Aktiviteter og resultat



Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

Søknadsinngang

I 2019 fekk Patentstyret inn meir enn 20 000 søknader. 73 prosent av søknadene kom frå utanlandske søkjarar som ønskjer rettar i Noreg. Inngangen av varemerke-søknader er stabil, medan det var ein liten oppgang i talet på designsøknader og ein nedgang i talet på patentsøknader.

Vi tildelte 16 703 varemerke-, design- og patentrettar i 2019, som er 9 prosent fleire enn i 2018. Samtidig blei 8 189 europeiske patent gjorde gjeldande i Noreg. Det viser at talet på europeiske patent som blir validerte i Noreg, framleis aukar etter EPC-tilslutninga i 2008.

Føringar i tildelingsbrevet

Patentstyret brukar hovuddelen av ressursane sine på behandling av søknader og andre lovpålagde styresmaktsoppgåver. I tildelingsbrevet for 2019 la NFD vekt på at søknadsbehandlings framleis skulle få nok merksemd, slik at det ikkje byggjer seg opp nye etterslep. Dette har vore spesielt utfordrande på varemerkeområdet på grunn av det høge talet på varemerkesøknader. Vi nådde likevel ambisjonen om å avgjere like mange søknader som vi fekk inn. Vi klarte i tillegg å bli kvitt noko av etterslepet.

Vi har følgd opp føringane i tildelingsbrevet om å prioritere kunderetta verksemd gjennom digitalisering. Vi har framleis arbeidd med å utvikle og ta i bruk nye digitale løysingar for meir effektiv og kundevenleg

kommunikasjon. Les meir om kva vi har gjort, under [«Utvikling av Patentstyret gjennom digitalisering»](#).

Ei anna føring i tildelingsbrevet er å utvikle samarbeidet med andre verkemiddelaktørar vidare. Vi gjennomførte i 2019 ei rekkje felles aktivitetar med andre delar av verkemiddelapparatet med gode resultat. Dette er omtalt under [«Samarbeid med verkemiddelaktørane»](#).

Ressursbruk

Vi meiner ressursbruken har vore effektiv i 2019, både med tanke på korleis vi har prioritert, og korleis ressursane er brukte. Vi meiner at både måloppnåing og ressursbruk var tilfredsstillande, og at saksbehandlings vår har rett kvalitet.

I 2019 brukte vi 95 prosent av tida på saksbehandling og andre styresmaktsoppgåver, inkludert administrasjon, eiga kompetanseutvikling og kvalitetsarbeid. Om lag 2 prosent av tida blei brukt på aktivitetar som skal auke medvit og kunnskapen om IPR i næringslivet og samfunnet elles, og om lag 3 prosent av tidsbruken var ulike typar informasjonstenester.


Inntektene til Patentstyret

Inntektene til Patentstyret blei 269,096 millionar kroner, altså noko lågare enn den endelege inntektsløyvinga på 272,524 millionar kroner. Basert på prognosen per 2. tertial blei den opphavlege inntektsløyvinga auka med 11,2 millionar kroner i nysalderinga. Nokre endringar gjennom året blei samtidig ikkje fanga opp i prognosen

per 2. tertial – mellom anna eit noko lågare tal på fornyingar av varemerke.

Om lag 95 prosent av inntektene til Patentstyret kjem frå dei lovpålagde oppgåvene våre som styresmakt for patent-, varemerke- og designområdet og frå behandling av klager på føretaksnamn. Patentområdet står for størstedelen av inntektene. Det er også viktig å merkje seg at ein stor del – rundt ¾ – av inntektene til Patentstyret kjem frå utanlandske verksemdar som ønskjer rettar i Noreg.

Figur 3: Inntektene til Patentstyret i 2019



Inntekter frå informasjonstenester (kurs og forundersøkingar) står for ein mindre del av inntektene til Patentstyret. Inntektene frå det arbeidet Patentstyret gjer for Nordisk Patentinstitut (NPI), utgjer også ein liten del av dei totale inntektene. Det blir rapportert særskilt på [NPI seinare i del 3](#).

Driftsutgiftene til Patentstyret

I 2019 hadde Patentstyret 271,135 millionar kroner til rådvelde, slik det går fram av tabell 4.

Ubrukt løyving i 2019 på kap. 0935 post 01 på 97 526 kroner og meirinntekter ut frå meirinntektsfullmakt på kap. 3935 post 04 på 194 905 kroner, til saman 292 431 kroner, er søkt overført til 2020 i eige brev av 11. februar 2020 til NFD.

Løn og sosiale utgifter utgjorde 78,1 prosent av driftsutgiftene, ein større del enn i 2018 (75,6 prosent). Dette skriv seg primært frå at pensjonspremien var 10,2 millionar kroner høgare i 2019 enn i 2018.

Tabell 4: Driftsutgiftene til Patentstyret

Tal i 1 000 kroner

Hovudtildeling 2019	258 400
Endringsproposisjon, RNB*	4 500
Nysalderinga, desember 2019	3 200
Overført frå 2018	1 635
Lønnskompensasjon	3 400
Sum til disposisjon, kap. 935, post 01	271 135
Utbetalingar til løn med fråtrekk for refusjonar	210 102
Andre utbetalingar til drift	58 886
Utbetalingar til investering (inventar, maskiner o.l.)	2 045
Utbetaling av finansutgifter	4
Sum utbetalingar frå kap. 93501	271 037
Sum ubrukt løyving	98

* Endring på grunn av at Patentstyret fekk tilskot på 4,5 millionar kroner frå Utanriksdepartementet for bistandsarbeid i utviklingsland.



Resultat og måloppnåing 2019 ut frå MRS

Delmål 1: Fleire gode rettar

Det er eit mål for Patentstyret at vi tildeler fleire gode rettar. Med dette meiner vi rettar som har rett kvalitet, som kan handhevast, og som lèt seg utnytte på ein god måte. Dette oppnår vi i første rekkje gjennom at søknadsbehandlinga og rettleiinga vår oppfyller krava til effektivitet, kvalitet og nøgde kundar.

Effektivitet i saksbehandlinga

Vi gjev ei oversikt over korleis talet på leverte og avgjorde søknader – og dermed talet på søknader som er under behandling – har utvikla seg over tid. Vi rapporterer også om behandlingstider og talet på ferdigbehandla søknader per årsverk, og vi tek føre oss kvart av områda varemerke, design og patent.

Figur 4: Oversikt over målstrukturen i MRS for delmål 1: Fleire gode rettar

Styringsdimensjon	Styringsindikator	Støttande analyse
→ Effektivitet i saksbehandlinga	<ul style="list-style-type: none">Behandlingstider for patent, varemerke og designTalet på ferdigbehandla søknader per årsverk brukt på saksbehandlingSamanlikning av desse indikatorene med samanliknbare patentverk	<ul style="list-style-type: none">Talet på søknader om patent, inkludert førstesøknader, varemerke og design
→ Kvalitet i søknadsbehandlinga	<ul style="list-style-type: none">Kvalitetskontrollar av prosentdel avgjerder for å kontrollere om dei er i tråd med regelverk og praksis	<ul style="list-style-type: none">Avgjerder frå Patentstyret mot klagebehandlinga i KFIRHarmonisering av praksis for varemerke og design med EUIPO og praksis for patent med EPO
→ Kundevurdering av søknadsbehandlinga	<ul style="list-style-type: none">Undersøking av kor nøgde kundane er med behandling av patent-, varemerke- og designsøknader	<ul style="list-style-type: none">Utvikling i tal og prosentdel av totaltalet på patentsøknader frå norske søkjarar som blir leverte som førstesøknader til PatentstyretUtvikling i at norske søkjarar brukar NPI som granskingsmyndigheit for PCT



Varemerke – utvikling på området

I 2019 snudde den aukande trenden i talet på varemerkesøknader direkte til Patentstyret frå norske søkjarar til eit tal som ligg litt under 2016-nivået. Det samla talet på søknader og utpeikingar frå utanlandske søkjarar på 13 108 var derimot det høgaste nokon gong.

Vi avgjorde 17 724 varemerkesøknader, 15 prosent fleire enn i 2018. Det høge talet på avgjorde søknader førte til at talet på varemerkesøknader under behandling gjekk litt ned samanlikna med året før. Over 80 prosent av varemerkesøknadene blir normalt godkjende.

Behandlingstid for varemerke

Målet vårt er å avgjere søknadene og registrere varemerka i løpet av 3–6 månader dersom søknadene er i tråd med regelverket. For søknader som blir sende inn gjennom den digitale søknadsvegisaren, er det same talet 3 veker. Vi måler gjennomsnittleg saksbehandlingstid som tida frå varemerkesøknaden blir motteken, til søkjaren får svar frå Patentstyret.

Ved utgangen av 2019 var saksbehandlingstida om lag tre veker for søknader som er sende inn via den digitale søknadsvegisaren, om lag 5,5 månader for søknader som blir leverte direkte til Patentstyret (5 månader i 2018), og om lag 8 månader for internasjonale utpeikingar i Noreg via Madridprotokollen (8 månader i 2018). Prosentdelen varemerke som blei registrerte utan brevveksling mellom søkjaren og Patentstyret, auka frå 58 til 60 prosent.

Tabell 5: Utvikling på varemerkeområdet

	2015	2016	2017	2018	2019
Varemerkesøknader totalt (varemerke og fellesmerke)	16 630	15 702	17 307	17 279	17 288
Direkte til Patentstyret frå norske søkjarar	4 097	4 265	4 439	4 766	4 168
Direkte til Patentstyret frå utanlandske søkjarar	3 007	3 302	3 061	2 799	2 844
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Madridprotokollen frå norske søkjarar	5	2	6	12	12
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Madridprotokollen frå utanlandske søkjarar:	9 521	8 133	9 801	9 702	10 264
Avgjorde søknader (varemerke og fellesmerke)	15 662	15 776	14 635	15 443	17 724
Registrerte	13 569	13 294	12 228	12 450	14 391
Avslåtte	136	143	91	176	164
Endeleg lagde vekk / trekte	1 957	2 339	2 316	2 817	3 169
Talet på fornya varemerke	10 320	11 944	11 946	12 105	11 012
Talet på registrerte varemerke, fellesmerke og ansvarsmerke som er i kraft	214 449	217 437	219 576	219 532	223 672

Ei varemerkeregistrering i Noreg kan skje på to måtar:

- Gjennom søknad om registrering direkte til Patentstyret. Fleirtalet av norske søkjarar leverer varemerkesøknadene på denne måten.
- Privatpersonar eller føretak som er knytte til ein av medlemsstatane i Madridprotokollen, kan – med utgangspunkt i ein nasjonal varemerkesøknad eller ei nasjonal varemerkeregistrering – søkje om registrering i dei andre medlemslanda. Over halvparten av varemerkesøknadene til Patentstyret er slike utpeikingar via Madridprotokollen.


Dei samla varemerkerettane i Noreg utgjer ein kombinasjon av desse. Ei varemerkeregistrering gjeld for 10 år og kan fornyast for 10 år om gongen.

Tabell 6: Talet på ferdigbehandla søknader per årsverk brukt på saksbehandling

	2016	2017	2018	2019
Varemerke	393	386	391	459

I 2019 avgjorde Patentstyret gjennomsnittleg 459 søknader per årsverk. Søknadene har då blitt registrerte, nekta registrerte, endeleg lagde vekk eller trekte av søkjaren. Ein av grunnane til auka effektivitet er at fleire av søknadene blei sende inn via den digitale søknadsvegisaren, som hjelper søkjaren gjennom søknadsprosessen. Dette gjev betre kvalitet på søknaden og dermed mindre arbeid for Patentstyret. Vi ser også verknaden av endra organisering og av ulike interne tiltak for å effektivisere saksbehandlinga – til dømes har vi redusert talet på brevvekslingar med søkjaren.

Figur 5: Varemerke – søknader, avgjorde og under behandling



Design – utvikling på området

Vi fekk 5 prosent fleire designsøknader i 2019 enn året før. Designsøknader frå norske bedrifter var på same nivå som i 2018, medan vi fekk fleire søknader frå utanlandske søkjarar (direkte til Patentstyret og via Haag-overeinskomsten). Ein designsøknad kan innehalde fleire design, slik at det også er relevant å telje kor mange design det er snakk om i alt.

Til skilnad frå patent- og varemerkesøknader granskar ikkje Patentstyret designsøknadene med mindre søkjaren eksplisitt ber om det. Dei fleste designsøknadene blir dermed godkjende raskt etter at dei er leverte inn. Søkjaren har sjølv ansvar for å ikkje krenkje rettane til andre. Den som søker, kan be om at Patentstyret gjer ei slik nyheitsvurdering, men dette skjer i mindre enn 5 prosent av søknadene.

I 2019 avgjorde vi 81 færre søknader enn vi fekk inn dette året.

Behandlingstid for design

Det er eit mål at den som søker Patentstyret om registrering av design, skal få avgjort søknaden i løpet av 2–3 månader. Målet blei nådd med god margin i 2019 – dei fleste søknadene var behandla 2 månader etter at dei kom inn til Patentstyret.

Tabell 7: Utvikling på designområdet

	2015	2016	2016	2017	2018
Designsøknader totalt	1 213	1 229	1 253	1 154	1 212
Direkte til Patentstyret frå norske søkjarar	250	240	242	242	244
Direkte til Patentstyret frå utanlandske søkjarar	183	158	165	181	147
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Haag-overeinskomsten frå norske søkjarar	34	31	40	20	18
Internasjonale utpeikingar i Noreg via Haag-overeinskomsten frå utanlandske søkjarar	746	801	806	711	803
Avgjorde designsøknader	1 148	1 344	1 078	1 370	1 131
Registrerte designsøknader	1 089	1 278	1 041	1 328	1 101
Avslåtte	0	0	0	0	0
Endeleg lagde vekk / trekte	59	66	37	42	30
Talet på design	3 765	3 923	4 488	3 775	4 232
Talet på fornya designregistreringar	818	964	967	1 034	1 045
Talet på registrerte design i kraft	8 978	9 543	9 828	10 377	10 717

Ei designregistrering i Noreg kan skje på to måtar:

- Gjennom søknad om registrering av design direkte til Patentstyret. Fleirtalet av norske søkjarar leverer designsøknadene på denne måten.
- Privatpersonar og føretak som er knytte til ein av medlemsstatane i [Haag-overeinskomsten](#), kan søkje om designregistrering i dei andre medlemslanda. Over halvparten av designsøknadene til Patentstyret er slike utpeikingar via Haag-systemet.


Dei samla designrettane i Noreg utgjer ein kombinasjon av desse. Ei designregistrering gjeld for fem år og kan deretter fornyast for opptil fire nye femårsperiodar. Ein designsøknad og ei designregistrering kan innehalde fleire design.

Tabell 8: Talet på ferdigbehandla søknader per årsverk brukt på saksbehandling

	2016	2017	2018	2019
Design	562	495	535	546

I 2019 avgjorde vi gjennomsnittleg 546 søknader per årsverk. Søknadene har då blitt registrerte, nekta registrerte, endeleg lagde vekk eller trekte av søkjaren.

Figur 6: Design – søknader, avgjorde og under behandling



Patent – utvikling på området

Talet på patentsøknader som blei leverte til Patentstyret, var 1 531 – ein nedgang på om lag 8 prosent frå 2018. Nedgangen er i hovudsak nasjonale søknader frå norske og utanlandske søkjarar, ei utvikling vi har sett sidan 2017. Prosentdelen frå norske søkjarar er derfor også noko lågare enn året før: 62 prosent mot 64 prosent i 2018.

Det har som forventa vore ein auke i talet på europeiske patent som blir gjorde gyldige (validerte) i Noreg etter at vi slutta oss til Den europeiske patentkonvensjonen (EPC) i 2008. Veksten skriv seg hovudsakleg frå at talet på godkjende patent i Det europeiske patentverket (EPO) stadig aukar. Valideringa av eit europeisk patent i Noreg skjer normalt tre månader etter godkjenning i EPO. Vi forventar ein vidare auke i talet på validerte europeiske patent i Noreg.

Om lag 49 prosent av patentsøknadene som blei avgjorde i 2019, førte til patent. Dette er nær gjennomsnittet for dei siste fem åra. Eit lite tal søknader blir avslåtte, hovudsakleg fordi oppfinninga det blir søkt patent på, ikkje er ny.

Det er også ein vesentleg del av søknadene som blir trekte fordi dei gjeld oppfinningar som ikkje er nye eller ikkje skil seg vesentleg frå kjend teknikk.

Patentstyret avgjorde færre patentsøknader i 2019 enn året før. Hovudårsaka er at vi då godkjende spesielt mange saker gjennom ei forenkla behandling av søknader som EPO allereie hadde godkjent. I 2019 var det få slike søknader igjen. På grunn av færre patentsøknader blei talet på søknader under behandling likevel redusert med 10 prosent i løpet av 2019.

Tabell 9: Utvikling på patentområdet

	2015	2016	2017	2018	2019
Patentsøknader totalt	1 805	2 062	2 062	1 660	1 531
Nasjonale søknader frå norske søkjarar	1 120	1 195	1 107	1 016	883
Nasjonale søknader frå utanlandske søkjarar	129	121	136	101	88
Internasjonale søknader som er førte vidare, frå norske søkjarar	31	38	53	53	71
Internasjonale søknader som er førte vidare i Noreg, frå utanlandske søkjarar	525	708	766	490	489
Prosentdel patentsøknader frå norske søkjarar	64 %	60 %	56 %	64 %	62 %
Avgjorde patentsøknader	3 651	4 585	4 073	3 343	2 484
Godkjende	1 449	2 526	2 148	1 548	1 211
Avslåtte	19	16	14	8	10
Lagde vekk / trekte	2 183	2 043	1 911	1 787	1 263
Europeiske patent mottekne for validering i Noreg	3 339	4 495	5 796	6 826	8 163
Talet på patent i kraft (norske patent og europeiske patent som er validerte i Noreg)	23 350	27 657	31 571	36 498	42 137

Patentvern i Noreg kan ein få på to måtar:

- Gjennom patentsøknad til Patentstyret, anten direkte (nasjonale søknader) eller via PCT-søknadsordninga (internasjonale søknader). Fleirtalet av norske søkjarar leverer patentsøknadene sine direkte til Patentstyret, medan utanlandske søkjarar oftast brukar [PCT](#).
- Gjennom patentsøknad til [Det europeiske patentverket \(EPO\)](#). Det europeiske patentet kan seinare bli gjort gyldig i Noreg (validert). Det er hovudsakleg utanlandske søkjarar som nyttar denne ordninga.

Dei samla patentrettane i Noreg utgjer ein kombinasjon av desse. Eit patent blir halde ved lag så lenge det blir betalt årleg avgift, men maksimalt 20 år frå søknaden blei levert inn. Gjennomsnittleg levetid for norske patent er no i underkant av 14,5 år.

Behandlingstid for patent

Behandlingstida for patentsøknader er av fleire årsaker lengre enn for varemerke- og designsøknader. For søkjarar som leverer ein førstesøknad, er det viktig å få ei rask vurdering av om oppfinninga kan patenterast. Det er nødvendig for å kunne levere tilsvarande søknader i andre land innanfor dei tidsfristane som gjeld. Vi gjev ei første vurdering innanfor målet på 7 månader i minst 95 prosent av alle førstesøknadene.

Internasjonale patentsøknader (PCT) som blir førte vidare i Noreg, og søknader som tidlegare har vore leverte i andre land, er allereie granska, og søkjaren har derfor ikkje same behov for rask behandling i Patentstyret.

Tabell 10: Talet på ferdigbehandla søknader per årsverk brukt på saksbehandling

	2016	2017	2018	2019
Patent	90	80	71	53


Vi avgjorde gjennomsnittleg 53 patentsøknader per årsverk i 2019. Dette talet omfattar kunngjorde patent, avslag, endeleg bortlagde og trekte søknader. Talet er lågare enn for året før. Søknadene vi no behandlar er nyare, og dei tilsvarande europeiske søknadene er ofte ikkje avgjorde. Talet er omtrent som venta etter at patenttettelslepet er redusert, og på nivå med dei andre nordiske landa.

Tal førstesøknader om patent

Førstesøknader er søknader der oppfinninga blir omtalt for første gong. Oppfinninga har då ikkje prioritet frå ein tidlegare søknad. Alle internasjonale patentsøknader som blir førte vidare i Noreg, har prioritet frå ein tidlegare søknad. Det er relativt vanleg at søkjarar vel å levere den første søknaden i heimlandet, og av dei 833 nasjonale

søknadene frå norske søkjarar var prosentdelen førstesøknader 94 prosent. Ulike omsyn kan likevel føre til andre val. Av dei 88 nasjonale søknadene frå utanlandske søkjarar var 33 prosent førstesøknader. Av dei totalt 1 531 patentsøknadene som blei leverte til Patentstyret i 2019, var 56 prosent førstesøknader.

Figur 7: Patent – søknader, avgjorde og under behandling



Kvalitet i søknadsbehandlninga

Patentstyret har eit system for kvalitetsstyring som bidreg til å sikre rett kvalitet i søknadsbehandlninga. Rett kvalitet vil seie at resultatet vi leverer til kundane våre, er korrekt og levert til avtalt tid, slik at vi er føreseielege overfor kundane. Patentstyret er sertifisert etter den internasjonalt anerkjende standarden ISO 9001:2015.

Kvalitetskontroll av avgjerder for å kontrollere om dei er i tråd med regelverk og praksis

Som ein del av kvalitetsstyringa gjennomførte vi i 2019 kvalitetsmålingar innanfor patent, varemerke og design for å verifisere samsvar mellom krav og praksis. Målingane gjev oss grunnlag for å vurdere om vi oppfyller eksterne og interne krav til korrekt avgjerd, og grunnlag for å identifisere moglege område vi bør forbetre. I ei kvalitetsmåling vel vi ut tema som er avgjerande for korrekt saksbehandlning, og kontrollerer eit utval saker ved hjelp av stikkprøver for å sjå om vi oppfyller kvalitetskrava i desse sakene.

Dei overordna kvalitetsmåla til Patentstyret er at vi skal oppfylle krav til rett kvalitet i 96 prosent av sakene. På varemerke kontrollerte vi 80 tilfeldige søknader av dei 607 søknadene som blei behandla i løpet av mars. I desse søknadene avdekte vi eitt avvik i saksbehandlninga som førte til feil resultat i éi enkelt sak. Søkjaren kan her framleis be om fornya vurdering etter fråsegna vår. Sidan det berre var eitt avvik på varemerke, er vi framleis innanfor målet om rett kvalitet i 96 prosent av dei kontrollerte sakene. På design- og patentområdet er høvesvis 8 og 64 søknader gått gjennom. Vi avdekte ikkje avvik som hadde konsekvens for kunden i nokon av desse. Vi har ikkje gjennomført kvalitetsmålingar på

kurs, forundersøkingar og kundesenteret i løpet av 2019. I alle dei gjennomførte kvalitetskontrollane avdekte vi fleire forbetringmoglegeheiter for søknadsprosessane. Vi har rapportert dei til leiinga og tek tak i dei for å sikre kontinuerleg forbetring.

I løpet av 2019 gjennomførte vi seks interne revisjonar for å forbetre og effektivisere interne prosessar og kvaliteten på tenestene vi leverer til kundane. Vi såg mellom anna på desse områda: behandling av ufullstendige patentsøknader utan fullmektig, personvernomsyn ved saksbehandlning i kommunikasjons- og kunnskapsavdelinga, interne endringar i designprosessen og endringar i behandling av overprøvingssaker på patentområdet. Fagavdelingane får ansvar for å følgje opp og sørge for tiltak som betrar prosessane.

Vi har også i 2019 jobba med å identifisere og redusere risiko for feil og betre datakvaliteten i registera våre, mellom anna når det gjeld kundedata og status på rettane.

Vurdering av avgjerder frå Patentstyret opp mot resultatet av klagebehandlninga i KFIR

Klager på avgjerdene til Patentstyret i patent-, varemerke- og designsøknader blir behandla av Klagenemnda for industrielle rettar (KFIR). Talet på klager er normalt om lag 100–150 per år og har halde seg på dette nivået gjennom mange år. Talet er lågt samanlikna med dei om lag 20 000 avgjerdene Patentstyret gjer kvart år. Det er ulike grunnar til at søkjarane klagar på avgjerdene våre, og talet på klager seier derfor ikkje automatisk noko om kvaliteten på avgjerdene i Patentstyret. Det er likevel nyttig å sjå på vurderingane og resultatet av klagebehandlninga i KFIR.

Varemerke: I dei 113 varemerkesakene KFIR avgjorde i 2019, blei avgjerda til Patentstyret halden fast i 53 saker, medan avgjerda heilt eller delvis blei oppheva i 25 av sakene. Dei resterande sakene blei heva eller avviste av KFIR.

Design: Det har ikkje vore klager på designområdet i 2019.

Patent: KFIR behandla og avgjorde 11 patentklager i 2019. I fem av dei kom KFIR til same resultat som Patentstyret, medan to av klagenes blei tekne til følgje. I to saker blei klaga trekt. I éi sak kom KFIR til motsett resultat av Patentstyret, men Oslo tingrett kjende avgjerda til KFIR ugyldig. I den siste saka kom KFIR til same resultat som Patentstyret, men Oslo tingrett kjende avgjerda ugyldig.

Patentstyret går gjennom resultatet av alle klagesaker etter kvart. Sakene der KFIR har kome til eit anna resultat enn Patentstyret, er ofte tvilssaker. Partane i klagesaker kan også kome med ny dokumentasjon til behandlinga i KFIR, og dette har i fleire tilfelle ført til at innhaldet i klaga er eit anna enn då søknaden blei behandla i Patentstyret.

Patentstyret meiner tala viser at KFIR og Patentstyret har ein harmonisert praksis.

Harmonisering av praksis med EUIPO og EPO

For det norske næringslivet er det viktig at regelverk for behandling av søknader om patent, varemerke og design blir praktisert likt i ulike land, slik at behandlinga er føreseieleg for den som søker om registrering i fleire land.

I tillegg til avgjerdene frå KFIR og domstolane følgjer Patentstyret med på europeisk praksis i EPO, EUIPO, EU-retten og EU-domstolen.

Gjennom ulike program for einsretting («Convergence Programmes») samarbeider EUIPO og dei nasjonale IPR-styresmaktene for å gjere saksbehandlinga på varemerke- og designområdet meir einsretta. Patentstyret har i 2019 delteke i arbeidet med tre ulike program innanfor varemerkeområdet og eitt på designområdet. Patentstyret vil delta i dette samarbeidet også i 2020.

På patentområdet blir det gjennomført harmoniseringsstudiar der dei same PCT-søknadene blir behandla av både Patentstyret og EPO. Resultata av saksbehandlinga blir samanlikna etterpå. Den fjerde av desse studiane blei avslutta i 2019. Hovudfunnet er også denne gongen at Patentstyret og EPO i hovudsak er harmoniserte med kvarandre. Enkelte mindre forbetringar er mogleg, og vi planlegg tiltak i 2020. Studiane har så langt vist saksbehandlarvariasjonar i skjøn både hos oss og i EPO. Desse kan ein neppe eliminere – heilt konsistent saksbehandling basert på skjøn er urealistisk. Den femte studierunden er starta og blir fullført i 2020.

Kundevurdering av søknadsbehandlinga

Vi har undersøkt i kva grad privatkunder og bedriftskunder som har levert søknad om patent-, varemerke eller designregistrering det siste halvåret, er nøgde. Undersøkinga blir gjennomført årleg. Til saman har 210 kundar svart på undersøkinga. Det gjev ein svarprosent på 25 prosent.

Undersøkinga måler kor nøgde kundane er med søknadsprosessen, og kor nøgde dei er med rettleiinga dei får gjennom kundesenteret vårt i samband med søknaden.


Resultata viser at kundane stort sett er svært nøgde med søknadsbehandlinga. Best vurdering gjev designsøklarane, medan patentsøklarane gjev dårlegast vurdering. Til gjengjeld gjev patentsøklarane best vurdering på rettleiinga. Å søkje patent vil i dei fleste tilfelle vere ein litt meir omfattande prosess enn å søkje om varemerke eller designregistrering.

Figur 8 og 9 viser gjennomsnittsvurdering på ein skala frå 1 til 5, der 1 er svært misnøgd og 5 er svært nøgd. I figur 10 går skalaen til 4.


Vi gjennomfører også kvart år ei undersøking blant dei som har kjøpt éi eller fleire forundersøkingar innanfor patent, varemerke og design. Av dei 337 som fekk undersøkinga, har 78 svart (23 prosent). Resultata viser at kundane er svært nøgde med forundersøkingane våre. Etter ein liten nedgang i undersøkinga for fjoråret er no gjennomsnittsvurderinga oppe i 3,5 på alle område.

Talet på gjennomførte forundersøkingar har gått noko ned på patent- og designområdet og noko opp på varemerkeområdet.


Figur 8: Vurdering av søknadsprosessen



Figur 9: Vurdering av rettleiing



Figur 10: Resultat av forundersøkingar



Tal og prosentdel patentsøknader frå norske søkjarar som blir leverte som førstesøknad til Patentstyret

Patentsøklarar vel ofte å levere den første søknaden om patent (førstesøknaden) i heimlandet og seinare søkje patent i andre land med prioritet frå denne første søknaden. Nærleik og god kommunikasjon med patentstyresmakta i eige land er ofte grunnen til dette valet. Prosentdelen av førstesøknader frå norske søkjarar som blir leverte til Patentstyret, kan vere ein indikasjon på kor nøgde søkjarane er med Patentstyret, og dette er derfor valt som ein støttande analyse i MRS. Det er samtidig ikkje eit krav at førstesøknaden blir levert i eige land, og det kan av strategiske årsaker vere fornuftig for enkelte søkjarar å levere førstesøknaden i andre land eller til EPO.

Dersom ein skal søkje patent i fleire land, er det vanleg å bruke PCT-systemet og levere ein internasjonal patentsøknad som blir granska av ei PCT-myndigheit, til dømes NPI. Deretter kan søkjarane føre søknaden vidare i dei landa der dei ønskjer patentvern. Det normale

er å levere førstesøknaden i eige land, i eit anna land eller til EPO, og deretter levere ein PCT-søknad med prioritet frå førstesøknaden. Det er også mogleg å starte patentsøknadsprosessen med å levere ein PCT-søknad, slik at dette blir førstesøknaden.

Tabellen nedanfor viser at over halvparten av dei internasjonale patentsøknadene (PCT) som norske søkjarar leverer, har prioritet frå ein norsk søknad, altså at søknaden første gong blei levert inn til Patentstyret. Resten av dei internasjonale søknadene frå norske søkjarar hadde hovudsakleg prioritet frå USA, Storbritannia og EPO.

Tala er baserte på det året søknaden blei publisert. Dei siste åra har prosentdelen søknader med norsk prioritet variert lite. Samanlikna med Sverige og Danmark ser vi at norske søkjarar i større grad brukar førstesøknad i heimlandet enn danske og spesielt svenske søkjarar gjer. Dette kan ha noko med graden av internasjonalisering å gjere, men kan også spegle preferansar hos rådgjevarane.

Tabell 11: Prosentdel internasjonale patentsøknader frå norske søkjarar som har prioritet frå norsk søknad

	2015	2016	2017	2018	2019
Talet på internasjonale søknader (PCT) frå norske søkjarar	669	674	727	778	767
Prosentdel av desse som har prioritet frå norsk søknad	56 %	52 %	53 %	51 %	52 %

Kjelde: worldwide.espacenet.com

Delmål 2: Betre bruk av immaterielle verdier

Det er eit mål for Patentstyret at norske bedrifter har nok kunnskap og medvit om korleis dei kan sikre lønsemd gjennom rett bruk av immaterielle rettar og verdier. Gjennom forvaltning og formidling av kunnskap om immaterielle rettar og verdier er Patentstyret ein del av det norske innovasjonssystemet.

Vi har styringsindikatorar som måler korleis vi bidreg til styringsdimensjonane «kompetanseoverføring til utvalde målgrupper» og «IPR-modenskap» blant norske brukarar. Dette arbeidet må tilpassast etter dei økonomiske rammene Patentstyret har, og føringa frå departementet om å prioritere delmål 1. Som omtalt i innleiinga til del 3 brukar vi derfor berre ein svært avgrensa del av ressursane på dette delmålet.

Kompetanseoverføring

Omfang av kurstilbod

Kurstilbodet vårt rettar seg både mot personar med lite forkunnskap om fagfeltet og mot profesjonelle aktørar. Føremålet med kursa er å auke kunnskapen om immaterielle rettar og verdier i det norske næringslivet, og å bidra til kompetanseutvikling for dei profesjonelle aktørane.

I 2019 gjennomførte vi totalt 25 arrangement, inkludert seminaret *Innovasjonskraft*, som vi arrangerte i samarbeid med Norsk Industri og DOGA. Totalt deltok 1 317 personar på arrangementa våre, og av desse deltok 461 via strøyming. Totalt gjekk talet på deltakarar noko ned frå i fjor. Mange av kursa våre blir strøymde,

Figur 11: Delmål 2 – Betre bruk av immaterielle verdier

Styringsdimensjon	Styringsindikator	Støttande analyse
→ <u>Kompetanseoverføring</u>	<ul style="list-style-type: none">• Omfang av kurstilbod retta mot ulike målgrupper• Overordna skildring og grunngjeving for anna type kompetanseoverføring	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid med verkemiddelaktørane
→ <u>Opplevd kompetanseoverføring</u>		<ul style="list-style-type: none">• Undersøking av effekt av kompetanseoverføring og kor nøgde kundane er med informasjonsaktivitetane til Patentstyret
→ <u>IPR-modenskap</u>	<ul style="list-style-type: none">• Talet på forundersøkingar frå norske søkjarar• Samla tal på patent-, varemerke- og designøknader til utlandet frå norske søkjarar	<ul style="list-style-type: none">• Kundebruk av register

og dette bidreg til at vi får med oss deltakarar frå heile landet, slik kartet på side 4 viser.

Vi måler alltid effekten av arrangementa våre. Heile 90 prosent av deltakarane meinte kursa til Patentstyret var nyttige, og gav i snitt kursa ei vurdering på 3,5 (på ein skala frå 1 til 4, der 4 er høgast). I tillegg svarte 94 prosent at dei kan gjere bruk av kunnskapen dei fekk, i den daglege jobben sin, altså godt over målet på 85 prosent. For deltakarane på strøyming var tala 3,5 for hovudinntrykk, og 86 prosent svarte at nytteverdien var god. 96 prosent sa at dei kan gjere bruk av kunnskapen i det daglege arbeidet sitt.

Føredrag

Patentstyret heldt 73 føredrag for over 2 000 deltakarar i 2019. Rundt 60 prosent av føredraga heldt vi for og i samarbeid med verkemiddelapparatet, inkubatorar, næringshagar, næringslivsorganisasjonar, klyngjer og andre aktørar. Dei resterande føredraga var for studentar ved norske universitet og høgskular (UoH). UoH-miljøa etterspurde førelesingar om mellom anna patentinformasjon i FoU-prosjekt, arbeidstakaroppfinningar og fordeling av rettar i samarbeidsprosjekt. Evalueringane viser at dei var godt nøgde med førelesingane våre om IPR.

Eit av tiltaka i oppfølginga av strategien til Patentstyret er å formalisere samarbeid om IPR-utdanning ved norske UoH-miljø. I 2019 kom vi eit steg vidare med dette då vi etablerte samarbeid med Universitetet i Agder (UiA). Dei neste åra skal vi sikre IPR-kompetanse blant studentar, ph.d.-kandidatar og tilsette ved UiA.

Patentstyret bidrog til å auke IPR-kompetansen også hos deltakarar vi treffe på konferansar og seminar. Vi var til stades med stand på 23 slike arrangement i 2019, og dei som tok turen innom standen, fekk hjelp og rettleiing frå oss. På Aqua Nor 2019 arrangerte vi i samarbeid med eit advokatkontor eit seminar for næringsliv innanfor havbruk, forskingsmiljø og IPR-bransjen.

Vi deltok på 62 andre arrangement for å informere om IPR og skape gode relasjonar til strategiske samarbeidspartnarar. Evalueringar i etterkant viser at kundane har stort utbyte av kunnskapen vi formidlar. Mellom anna fekk meir enn 700 studentar innanfor entreprenørskap, innovasjon, tekniske fag og immaterialrett opplæring frå oss i 2019.

Vi bidrog i fire nye podkastar om IPR som blei produserte av DNB Oppstartspodden og Tekfisk. I løpet av året har dei hatt omtrent 1 000 lyttarar. Vi presenterte også IPR i ein film som blei produsert for kurset Startup Essentials på Høgskolen Kristiania. Filmen blir lansert i 2020.

Samarbeid med verkemiddelaktørane

Patentstyret har samarbeidsavtalar med Innovasjon Noreg, Forskningsrådet, Siva og Design og arkitektur Norge (DOGA). I tillegg hadde vi utstrekkt samarbeid med Brønnøysundregistra, Altinn og Norid. Vi jobbar kontinuerleg med å byggje nettverk og skape gode relasjonar til ressurspersonar hos dei respektive aktørane.

Saman med samarbeidspartnarane gjennomførte vi i 2019 aktivitetar for å nå felles målgrupper og bidra til auka innovasjon gjennom kompetansebygging, informasjon og rettleiing. Vi gjentok suksessen *Innovasjonskraft* med Norsk Industri og DOGA, og over 90 prosent av deltakarane var godt nøgde med denne fagdagen. Dei som fekk DIP-støtte («Designrevet innovasjonsprogram») frå DOGA, fekk også relevant IPR-opplæring frå oss.

Nokre av kursa vi har arrangert i 2019

- Introduksjonskurs om vern av patent, varemerke og design
- Korleis sikrar vi framtidig teknologi?
- Verdifastsetjing av innovasjon og nyskaping
- Opphavsrett
- Arbeidstakaroppfinningar
- Innovasjonskraft (World IP Day)
- Innovation explorers – pushing boundaries (Oslo Innovation Week)
- Endringar i retningslinjene for medisinske patent
- EPO Case Law
- Kva skal patentsøknaden innehalde?
- Frå idé til forretning, i Tromsø og Stavanger
- Starte og drive bedrift



VIP4SME-prosjektet

VIP4SME (Value Intellectual Property for SMEs) er eit samarbeidsprosjekt som er finansiert av Europakommisjonen gjennom Horisont 2020-programmet. Føremålet med prosjektet har vore å informere og støtte næringslivet i Europa ved å hjelpe spesielt små og mellomstore verksemdar med å forstå verdien av den immaterielle kapitalen dei skaper og eig. Patentstyret har i løpet av prosjektperioden 2016–2019 gjennomført sju arrangement rundt i landet (Oslo, Stavanger, Trondheim og Tromsø). Vi har informert dei totalt 224 deltakarane om tilgjengelege IPR-tenester og -verktøy som bedrifter og gründerar kan nytte seg av for å sikre dei immaterielle verdiane sine. Evalueringa i etterkant viser ei gjennomsnittleg vurdering på 4 på ein skala frå 1 til 5.

Prosjektkonsortiet har omfatta ein prosjektkoordinator, 17 hovudpartnarar og 26 assosierte partnarar. Det har også vore utveksla ulike elektroniske verktøy og gode erfaringar blant deltakarlanda undervegs i prosjektperioden. Les meir om prosjektet her: <http://www.innovaccess.eu/vip4sme-project> ↗

Vi sørjde for at aktuell informasjon om IPR var tilgjengeleg på «Starte og drive bedrift»-sidene på Altinn. Nettstaden navnesok.no, som vi driv saman med Brønnøysundregistra og Norid, blei brukt over 100 000 gonger i 2019.

Samarbeid med IPR-bransjen (rådgjevarar og advokatar)

Patentfullmektigar og advokatar er storbrukarar av tenestene våre og bidreg til å styrkje IPR-kompetansen i næringslivet i Noreg. For å levere gode tenester til næringslivet er det viktig at Patentstyret har eit godt samarbeid med aktørane. I 2019 arrangerte Patentstyret ein fagdag saman med Foreningen for norske IP-rådgivere (FONIP) og Norsk forening for Industriens Patentingeniører (NIP) for første gong. Føremålet med dagen var mellom anna å identifisere kva behov næringslivet har, og kva felles utfordringar aktørane i IPR-bransjen står overfor. I 2020 er det planlagt ein oppfølgjar som er kalla IP-dagen.

Patentstyret hadde jamleg samarbeid med FONIP, IP-rådgjevarar og advokatar om kurs i Oslo og i samband med føredrag for næringslivet rundt omkring i landet. Patentstyret etablerte i 2019 eit tredje område for samarbeid med representantar frå aktørane, nemleg på varemerkeområdet. Vi har no jamlege samarbeidsmøte på områda patent, varemerke og kommunikasjon. Føremålet er å vidareutvikle og tilpasse tenestene våre betre til brukarane.

Vi heldt også eit vellykka oppdateringsseminar for å sikre smidigare kontakt mellom medlemmene i bransjeorganisasjonen NAIPA (Norwegian Association

of Intellectual Property Administrators) og Patentstyret. I tillegg hadde vi gjennom året mykje dialog og uformelt samarbeid med aktørar i bransjen for å styrkje tenestene våre, mellom anna innanfor IKT.

Aktivitetar for næringshagar, inkubatorar og kunnskapsparkear i Siva

Vi jobbar kontinuerleg med å auke IPR-kompetansen blant inkubatorar, næringshagar og kunnskapsparkear i Siva-nettverket. Vi har gjort avtalar med seks inkubatorar der vi jamleg har kontordagar og gjev individuell rettleiing. Vi har også inngått ein samarbeidsavtale med Siva sentralt om aktivitetar for sentera i Norsk Katapult. I 2019 har vi gjeve opplæring i IPR på «Inkubatorlederskolen», som Siva og NTNU driv, og halde ei rekkje føredrag og arbeidsseminar hos aktørar i Siva-nettverket. Nyheitsbrevet Peiling, som vi lanserte i 2018, sender vi no til om lag 180 mottakarar i Siva-nettverket.

Saman med Brønnøysundregistra og Norid arrangerte vi 13 «Starte og drive bedrift»-dagar. 98 prosent svarte på evalueringar i etterkant at dei hadde nytte av arrangementa, og 97 prosent vil tilrå arrangementet til andre.

Aktivitetar for klyngjene

Vi prioriterte i 2019 berre klyngjene som har interesse for IPR, og som vi har ein god relasjon til. Vi gjennomførte opplæring i IPR-strategi for klyngjebedriftene til NCE Maritime CleanTech, som har høg grad av forskning, utvikling, innovasjon, eksport og varehandel innanfor maritim sektor.

Inkubatorar

Ein inkubator er eit innovasjonsselskap som skal bidra til utvikling og etablering av nye vekstbedrifter og skape vekst i det etablerte næringslivet. Inkubatoren tilbyr eit fagleg og sosialt miljø der gründerar, bedrifter, akademia, FoU-miljø, investorar og andre blir kopla saman. Meir info: <https://siva.no/virkemidler/inkubasjonsprogrammet/>

Næringshagar

Ein næringshage er ein operatør for næringshageprogrammet til Siva. Næringshagen er eit bedriftsfellesskap som arbeider for utvikling av næringslivet i sin region. Næringshagemiljøet omfattar ei rekkje bedrifter som er samlokaliserte i næringshagen eller knytte til han gjennom tett oppfølging og samarbeid. Næringshagen gjev bedrifter i distrikta eit innovativt, fagleg og sosialt miljø. Meir info: <https://siva.no/virkemidler/naeringshageprogrammet/>

Norsk katapult

Norsk katapult er ei ordning med nasjonale senter som tilbyr fasilitetar, utstyr og kompetanse. Katapultsenter gjer det enklare for innovative bedrifter å utvikle prototyper, teste, visualisere og simulere. Dette gjer vegen frå konseptstadiet til marknadsintroduksjon enklare for norsk industri. Meir info: <https://siva.no/virkemidler/norsk-katapult/>

Nettsider

Patentstyret.no er den viktigaste kommunikasjonskanalen vår og skal sørje for kompetanseoverføring til både nye gjester utan forkunnskap og dei som har meir erfaring med fagområdet vårt. Vi ønskjer å auke kunnskapen om immaterielle rettar generelt, vise korleis søknadsprosessane er bygde opp, og informere om kurs, arrangement og nyttige IPR-verktøy. Målet er å bidra til fleire gode rettar for det norske næringslivet. Vi fekk nesten 250 000 besøk på nettsidene i 2019, omtrent det same som året før. 80 prosent av gjestene var nye.

Sosiale medium

Patentstyret brukar sosiale medium (Facebook, Instagram, LinkedIn, Twitter og YouTube) for å nå ut til ulike personar som har interesse for fagområdet vårt – til dømes gründerar, fagfolk i ulike innovasjonsmiljø, IPR-rådgjevarar og mediebransjen. Sosiale medium gjev oss nyttig innsikt om kundebehov og er viktige kanalar for kontinuerleg dialog. Dei er også viktige kanalar fordi dei viser vidare til nettsidene våre (både patentstyret.no og velgekte.no). Vi hadde totalt vel 14 000 følgjarar i desse kanalane ved utgangen av året.

Tradisjonelle medium

2019 var eit godt år for omtale av Patentstyret og IPR-tematikk. Vi blei omtalte i 485 saker som blei publiserte av redaksjonelle nyheitsmedium, noko som er det nest høgaste talet sidan vi starta systematisk medieovervaking. Til liks med tidlegare år er det først og fremst konflikter rundt varemerke som fengjer nyheitsredaksjonane. Slike saker gjev oss høve til å nå breitt ut med kommentarar og budskapar som er knytte

til IPR. Media er slik sett eit verkemiddel til å nå eit av dei fire målbileta i langtidstrategien til Patentstyret: «styrkt IPR-kompetanse i Noreg».

To saker fekk spesielt mange medieoppslag i 2019: Diskusjonen om retten til namnet på radioprogrammet «Popquiz» og innvendinga mot eplelogoen til Framstegspartiet frå amerikanske Apple. På patentområdet skapte norsk finaleplass til ein europeisk oppfinnarpris store overskrifter. I tillegg har vi nok ein gong notert at problemet med piratkopiering vekker interesse, ikkje minst hos dei viktigaste nyheitsredaksjonane i riksdekkjande radio og TV.


Vi sende ut 11 pressemeldingar, noko som er rekord for eitt år. Resultatet i form av publiseringar i pressa varierte med alt frå liten respons til over det dobbelte av gjennomsnittet for pressemeldingar som blei distribuerte gjennom NTB.

At vi når ut breitt i sakene der vi blir omtalte, viser lista over dei 10 mediekanalane som oftast omtalte oss. Her finn vi VG, Aftenposten og E24. På topp 10 finn vi også medium som treffer viktige målgrupper for Patentstyret, som Teknisk Ukeblad, DN.no og Finansavisen.


Kundesenter

Kundesenteret til Patentstyret svarte i 2019 på nærare 10 000 telefonar. Dette er ein nedgang på 18 prosent frå året før (11 634 i 2018), men vi har hatt ein auke i talet på e-postar (1 493 mot 1 239 i 2018). Vi går ut frå at nedgangen heng saman med færre norske søknader. Talet på fysiske kundebesøk har gått ned med 54 prosent (frå 130 til 59) og følgjer trenden vi har sett dei siste åra.

Figur 12: Kven ringer til kundesenteret?



Figur 13: Kva spør kundane om på telefonen?



Dette heng saman med at vi kontinuerleg jobbar med å betre dei digitale tenestene for kundane, slik at dei lettare finn den informasjonen dei treng, digitalt. I 2019 starta vi også med videomøte for generell rettleiing og i samband med forundersøkingar.

Vel 30 prosent av kundane som ringde inn til kundesenteret, var etablerte bedrifter, 29 prosent var privatpersonar/gründerar, 17 prosent var proffkundar/fullmektigar, og resten var i andre kategoriar. Om lag 60 prosent av alle førespurnadene dreidde seg om varemerke, 20 prosent var knytte til patent, og 20 prosent gjaldt design eller andre spørsmål. Kundane fekk mellom anna svar på spørsmål om søknadsprosessar, regelverk, internasjonale søknadsordningar og om kva for andre aktørar dei kan få rettleiing av i innovasjonsprosessen.

I 2019 deltok Patentstyret for første gong i kåringa av den beste kundeservicen i Noreg. Det var ein stolt gjeng som fekk prisen for «best i test» i offentleg sektor og ein femteplass totalt av dei 143 kundesentera som deltok i konkurransen. Denne prisen fortel oss at kundesenteret vårt tek godt vare på kundane, og at kundane opplever å få svar på dei mange spørsmåla sine. Kundesenteret har solid fagleg kompetanse, og målet er å svare på 85 prosent av kundeførespurnadene ved første kontakt.

Vi jobba strukturert og målretta med å betre kommunikasjonen og rettleiinga vi gav kundane våre. I 2019 blei fire medarbeidarar sertifiserte som coachar i telefoniteknikk, haldningar og kundeservice. Dei har ansvar for å planleggje og gjennomføre opplæring og coaching av dei andre medarbeidarane på kundesenteret gjennom heile året, for å sikre ei godt forståeleg og einsretta rettleiing.

Styresmaktsnettverk mot inngrep i immaterialrettar

I 2015 etablerte norske styresmakter eit nettverk mot inngrep i immaterielle rettार og oppretta nettstaden velgekte.no. Patentstyret har sekretariatsfunksjonen i nettverket og driv velgekte.no. Nettverket omfattar ti styresmakter. Frå 2015 til og med 2018 har Patentstyret i samarbeid med dei andre styresmaktene i nettverket, gjennomført ei rekkje tiltak for å auke medvitet rundt piratkopiering og varemerkeforfalsking, og arrangert faste nettverksmøte. I 2019 var det ikkje ressursar til å setje i verk fleire slike tiltak. Vi svarte på medieførespurnader om piratkopieringsproblematikk gjennom året.

Velgekte.no

Patentstyret heldt nettstaden velgekte.no jamleg oppdatert med nyheiter, nye internasjonale rapportar, tal og annan relevant informasjon. I 2019 hadde nettstaden ein nedgang i besøk på om lag 50 prosent frå året før. I tidlegare år har besøkstala auka vesentleg når vi har gjort kampanjetiltak og fått medieomtale. Nedgangen viser kor viktig det er å halde fram arbeidet med å skape merksemd rundt problemstillingar som gjeld piratkopiering og varemerkeforfalsking.



Kundesenteret med kundeservice-prisen 2019 («offentleg verksemd»)

Opplevd kompetanseoverføring

Vi evaluerer kurs, føredrag og arrangement i etterkant for å sjå i kva grad vi når fram med informasjonen. Resultata viser at vi stort sett når målet om ei vurdering på 3,5. Vi måler også korleis kundane opplever kompetanseoverføringa ved kjøp av informasjonstenester og i søknadsbehandlinga. Resultatet viser at kundane er nøgde.

IPR-modenskap

IPR-modenskap fortel oss i kva grad bedriftene brukar immaterialrettssystemet og om dei er medvitne på om dette er relevant eller ikkje for bedrifta. For mange bedrifter kan berre retten til føretaksnamn og varemerke vere aktuelt, medan eigarskap til immaterielle rettar for andre kan vere sjølvne forretningsideen. Mange nyttar immaterielle rettar primært for å verne om dei immaterielle verdiane sine, medan andre bedrifter brukar IPR meir aktivt i forretningsverksemda, gjerne langsiktig og strategisk.

For Patentstyret er det viktig at dei bedriftene der immaterielle verdiar og rettar er relevant, faktisk er medvitne om det og nyttar dette systemet til å registrere eigne rettar, overvake konkurrentar og moglegheiter,


eller skaffe seg rett kompetanse på området. I MRS er det tre indikatorar som gjeld IPR-modenskap – bruk av forundersøkingar og søkje- og varslingsstenesta, og talet på norske søknader til utlandet.

Talet på forundersøkingar frå norske søkjarar

I 2019 gjennomførte vi om lag 7,4 prosent fleire forundersøkingar på varemerkeområdet enn i året før, 723,5 mot 670 året før. Designområdet hadde ein nedgang (9,5 mot 14), og det same gjaldt for patent (159 mot 173). Fullmektigbransjen var den største kundegruppa på alle dei tre områda. Ein mindre del av forundersøkingane kjem frå gründerar, små og mellomstore bedrifter og inkubatorar. Sjølv om det er nedgang i talet på gjennomførte forundersøkingar på patent- og designområdet, vil ikkje dette seie at norske bedrifter har blitt mindre IPR-modne. Det er eit stort tilbod av forundersøkingar i den private marknaden, både innanlands og utanlands.

Vi gjennomførte i 2019 ein analyse for å kartlegge behova til kundane og marknaden for forundersøkingar. Analysen viser at kundane er nøgde med forundersøkingane våre, og ønskjer denne tenesta også i framtida. Han gav oss nyttige innspel til vidareutvikling av tenesta, og vi vil følgje han opp i 2020.

Figur 14: Opplevd kompetanseoverføring



Samla tal patent-, varemerke- og designsøknader frå norske søkjarar til utlandet


Det totale talet på søknader frå norske søkjarar til utlandet gjev ein indikasjon på IPR-modenskap. I tillegg til talet på patent-, varemerke- og designsøknader frå norske søkjarar i Noreg er det derfor også relevant å sjå på talet på søknader norske søkjarar leverer i andre land. I 2018 var talet på søknader frå norske søkjarar til utlandet (30 036) 4,9 gonger høgare enn talet som blei levert av norske søkjarar til Noreg (6 109). Det førstnemnde talet var det høgaste vi har sett nokon gong. Data for 2019 var ikkje tilgjengelege då årsrapporten blei utarbeidd. Figur 15 viser utviklinga over tid av det samla talet på søknader om industrielle rettar til utlandet som er leverte av norske søkjarar. At talet har auka over tid, tyder på aukande IPR-modenskap. Merk at tala på søknader om EU-varemerke og EU-design er multipliserte med talet på land som er omfatta av ordninga, medan europeiske patentsøknader berre er talde ein gong.


Kundebruk av register

Alle allment tilgjengelege søknader og rettar er tilgjengelege gjennom søkjetenesta til Patentstyret på nettet. Vi ser at norske og utanlandske bedrifter har behov for denne typen informasjon for å orientere seg i rettar og søknader som kan verke inn på arbeidet deira. For varslingsstenesta har talet på brukarar auka med 34 prosent, og vi har igjen fått stadfesta at tenesta er populær og nyttig.

I juli 2019 fekk søkjetenesta ny visuell profil, ny funksjonalitet og nytt grensesnitt. Dessverre fekk vi nokre utfordringar i overgangen til den nye søkjetenesta, mellom anna med innlogging og betaling, noko bruken også viser. Søkjetenesta hadde 281 009 besøk i 2019, ein nedgang på 5 prosent.

Figur 15: Talet på søknader om industrielle rettar frå norske søkjarar til land utanom Noreg





Patent – ei unik kilde for teknisk informasjon

Når vi kjøper eit hus, sjekkar vi vanlegvis om det er hefte på eigedommen for å sleppe ubehagelege overraskingar i etterkant. Denne typen systematiske sjekkar er ikkje like vanleg når det gjeld immaterielle verdiar. Dei som investerer store summer i forskning og utvikling, gløymmer ofte å undersøkje om teknologien dei ønskjer å utvikle, allereie finst, og om andre eig rettane til han.

Patent gjev ikkje berre eit stort innblikk i eksisterande teknologi, men inneheld også viktig informasjon om kven som eig ein teknologi, og kven som er dei viktigaste aktørane innanfor eit bestemt teknisk fagfelt. Denne

informasjonen gjer altså at ein kan unngå å «finne opp hjulet på nytt», og han kan i tillegg gje idear til vidareutvikling av eksisterande teknologi og til å finne nye samarbeidspartnarar.

Patentdokument inneheld ofte informasjon du ikkje finn andre stader. Desse dokumenta må skildre oppfinninga på ein slik måte at fagfolk på området kan reprodusere han. Dermed gjev dei detaljert informasjon du ikkje finn i klassiske vitenskaplege publikasjonar.

Patentinformasjonen er oppdatert. Dei fleste selskap føretrekkjer av openberre konkurransegrunnar å ikkje

skildre forskingsresultat. Dersom nokon ønskjer å oppnå eksklusive rettar til oppfinninga, må dei likevel levere ein patentsøknad som etter kvart blir publisert og gjord tilgjengeleg for allmenta. Dette vil seie at patentet ofte er den første publikasjonen om ei bestemt oppfinning, og at det dermed er ei oppdatert kilde til informasjon om denne teknologien.

Patentdokument er lett tilgjengelege, og i dag er mange patentdatabasar fritt tilgjengelege på nettet. I [søkjetenesta til Patentstyret](#) finn du både våre egne patentdata og lenkjer til internasjonale basar.

Kundeeksempel

Ocean Sun

Ocean Sun blei etablert i 2016 av Børge Bjørneklett, Øyvind Rohn og Arnt Emil Ingulstad. Ocean Sun tilbyr ei effektiv, rimeleg og haldbar løysing for flytande solenergi, basert på ei oppfinning som er gjord av Bjørneklett. Teknologien gjev godt energiutbyte med låge investeringskostnader. Alle delane i løysinga er dessutan laga av miljøvenlege materialar som gjev minimalt CO₂-avtrykk.

Marknaden for flytande sol er i sterk vekst på verdsbasis, og dermed er det også stor konkurranse om å utvikle den beste teknologien.

«Vi har patentert teknologien vår og brukar patentane aktivt for å inngå lisensavtalar med utbyggjarar av kraftverk og for å unngå kopiering. Lisensinntekta gjer det mogleg å vidareutvikle teknologien slik at vi heile tida har det beste systemet», seier gründer og administrerande direktør Børge Bjørneklett.

Rettar er avgjerande for samarbeidsavtalar

Ocean Sun AS har ein IPR-portefølje med fleire patent og patentsøknader i alle dei viktigaste marknadene. Dei har også ei internasjonal designregistrering for nokre av komponentane. I tillegg har dei søkt om varemerke-registrering av logoen. Patentrettane er avgjerande for å kunne inngå nødvendige avtalar med samarbeids-partnarar som skal produsere produkta og sørge for å få dei ut i dei store marknadene.


Lisensavtalar gjev rask vekst

Ocean Sun har ikkje kapital eller ressursar til å byggje flytande solkraftverk over heile verda. For å kome raskt ut i fleire marknader har dei lisensavtalar med EPC-selskap (Engineering, Procurement and Contracting). Ocean Sun tilbyr lisensavtalar der utviklarar og uavhengige kraftprodusentar får lov til å bruke patentane deira til eigne prosjekt. På den måten kan dei realisere løysingar for den flytande solbransjen som gjev mest mogleg energi til lågast mogleg kostnader, såkalla levelised cost of energy (LCOE).

Ocean Sun produserer ikkje komponentar sjølv, men kan bruke kompetansen sin i alle fasar av prosjekta frå idé- og produktutvikling til testing, produksjon og drift.

Støtteordningar og forskingssamarbeid

Ocean Sun har fått støtte frå Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd, og dei samarbeider også tett med universitet og forskingsinstitutt. Bjørneklett understrekar at IPR er svært viktig for eit selskap som driv med teknologiutvikling: «Langsiktige investorar i slike selskap kan miste alle verdiane dersom oppfinningane og resultatane lett kan kopierast. I prosjekt der institutt og universitet gjer konkrete forskingsoppgåver, er det viktig at ein avtalar korleis resultatane skal brukast kommersielt.»



Bilder: Børge Bjørneklett, Ocean Sun AS

Rapportering om andre føringar og oppdrag i tildelingsbrevet for 2019

Utvikling av Patentstyret gjennom digitalisering

Ei av føringane i tildelingsbrevet er å føre vidare arbeidet med å ta i bruk nye digitale løysingar for meir effektiv og kundevenleg kommunikasjon. Vi opplever framleis auka bruk av slike digitale tenester. I 2019 auka til dømes bruken av den digitale søknadsvegisaren med 230 prosent for nasjonale varemerkesøknader samanlikna med 2018. Elektronisk betaling av årsavgifter og fornyingar har også auka det siste året. Alle som leverer søknader via søknadsvegisaren må betale elektronisk. Bruken av tenestene «Søk», «Varsling» og «Produktveljar» var på same nivå som året før.

I 2019 hadde vi ni lanseringar med ei rekkje betringar i tenester som «Søk», «Varsling», «E-betaling», «Produktveljar» og «Søknadsvegisarar». Vi lanserte tenesta «Min konto» der kundar kan ha oversikt over søknadene og dokumenta sine. I tillegg tok vi i bruk ny visuell profil og la ut fleire tusen dokument med opplysningar om endring av eigarnamn, fullmektig eller vareliste i søkjetenesta.

Patentstyret knyter seg i 2020 til den harmoniserte EUIPO-databasen for klassifisering av varer og tenester på varemerkeområdet. I samband med det utvikla Patentstyret i 2019 verktøy for omsetjing av vare- og tenestelistene. Ved å bruke verktøyet treng søkjarane berre å lage éi liste over varer og tenester dei ønskjer at varemerket skal blir registrert for – på eitt språk. Så får

dei omsett lista til eit anna språk og er trygge på at lista blir godteken av registreringsstyresmaktene i fleire land. Det blir dermed enklare for søkjarane å sende inn søknader i ulike land. Dette har også ein effektiviseringsgevinst internt, ved at Patentstyret får ferdig godkjende lister over varer og tenester og ikkje treng å bruke tid på å rette dei.

Vi brukar fleire felles offentlege komponentar som ID-porten og Altinn i dei digitale tenestene våre. I 2019 blei Patentstyret ein av dei første aktørane som opna Altinn for utanlandske brukarar. Løysinga gjev næringslivet utanfor Noreg tilgang til å bruke portalen til både søknadsinnlevering, betaling og korrespondanse.

I tildelingsbrevet for 2019 blei vi bedne om å utarbeide ein rapport som kartlegg gevinstpotensialet ved å digitalisere verksemda i endå større grad. I rapporten, *Digital 24*, presenterer vi totalt 39 tilrådingar og tiltak for å løfte fram ambisjonane våre om å utvikle oss og ta i bruk ny teknologi. Digitalisering gjev mange spennande moglegheiter for Patentstyret. Det grip inn i alt vi driv med, og gjev verdiar både for kundar, samfunnet og for Patentstyret som verksemd.

I *Digital 24* føreslår vi ein styrkt og målretta innsats på fire satsingsområde – data, saksbehandling, kundedialog og infrastruktur og tryggleik. Innanfor kvart satsingsområde har vi lagt inn ein ambisjon for perioden og kome med konkrete tilrådingar og tiltak. Vi har også definert avgjerande suksessfaktorar for å kunne gjennomføre desse satsingsområda, og dei

er knytte til kompetanse, ny teknologi, samarbeid og regelverk. I rapporten har vi estimert framtidig investeringsbehov og budsjett basert på tilrådingane og tiltaka i rapporten, og det vi forventar av framtidige gevinstar. *Digital 24* byggjer på erfaringsutveksling med styresmaktene i andre land. Dette har gjeve verdifull innsikt og forståing for kvar vi bør leggje ambisjonsnivået for perioden, og korleis vi bør gjennomføre tiltaka. *Digital 24* skal støtte opp under den overordna strategien for Patentstyret for 2018–2022.

Eintydig identifisering av søkjarar

For å kunne utveksle talunderlag til SSB til bruk i innovasjonsstatistikk, er det ønskeleg med eintydig identifisering av søkjarane til tenestene til Patentstyret. Gjennom tildelingsbrevet for 2019 forventa NFD at slik eintydig identifisering ved organisasjonsnummer, fødselsnummer eller D-nummer blir gjennomført. Patentstyret kan likevel ikkje krevje eintydig identifisering av søkjarane, fordi verken organisasjonsnummer, fødselsnummer eller D-nummer går fram som vilkår for å levere søknad om patent, varemerke og design i regelverket på området. Innføring av slike krav i nasjonalt regelverk vil vere i strid med konvensjonar innanfor industrielt rettsvern som Noreg har forplikta seg til.

Patentstyret har over tid lagt til rette og arbeid for at norske søkjarar skal identifisere seg eintydig. Om lag 94 prosent av norske føretak fører opp organisasjonsnummer når dei søker om patent, varemerke eller design.

Førebu overgang til å bli fullservicekunde i DFØ

NFD har bede Patentstyret om å gjere seg klar for å bli fullservicekunde av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Vi har gjennom året samarbeidd med DFØ om dette. Vi ser at det vil vere mogleg og fornuftig å bli kunde når DFØ har oppgradert rekneskapssystemet UBW til same tekniske versjon som Patentstyret nyttar i dag, altså truleg frå tidlegast 2022.

Heilskapleg gjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet


Gjennom året har Patentstyret bidrege med innspel til rapporten «Områdegjennomgang av det næringsrettede verkemiddelapparatet» frå konsulentselskapet Deloitte.

Konsulentrapporten framhevar at Patentstyret er ein avgjerande del av infrastrukturen som skal støtte opp under verkemiddelapparatet, brukarane av verkemidla og næringslivet. Vidare tilrår rapporten at ein bør styrkje tilknytninga mellom Patentstyret og verkemiddelapparatet, fordi næringslivet då vil kunne oppnå større fordelar av dei immaterielle verdiane sine.

Forslaget om «éi dør inn», altså éin informasjonsportal, støttar opp under behovet for ein meir oversiktleg og samla tilgang til informasjon om offentlege verkemiddel og støtteordningar for næringslivet. Patentstyret har

tidlegare avdekt eit slikt behov hos brukarane våre, og vi tematiserte dette tidleg i prosjektet.

Konsulentrapporten føreslår ingen endringar som direkte påverkar rollene og ansvaret til Patentstyret. Han omtalar likevel rollefordelinga mellom Innovasjon Noreg og Patentstyret ved rådgjeving og rettleiing rundt IPR.



Andre område Patentstyret har ansvar for

Klager på føretaksnamn

Dersom nokon meiner at eit føretaksnamn som er registrert i Føretaksregisteret i Brønnøysund, kan forvekslast med deira føretaksnamn eller varemerke, kan dei sende inn eit krav om administrativ overprøving til Patentstyret. Dei fleste av krava går ut på at nokon meiner at eit registrert føretaksnamn er eigna til forveksling med ein eldre rett han eller ho har til eit varemerke eller føretaksnamn, og at det derfor er registrert i strid med føretaksnamnelova. Patentstyret fekk inn 30 krav om administrativ overprøving av registrerte føretaksnamn i 2019. Nedgangen i talet på krav har vore jamn sidan 2013, då vi fekk inn 57 krav. I 2019 blei fem krav tekne til følge, og åtte krav blei forkasta.

Ansvarsmerke

Eit ansvarsmerke er eit stempelmerke for gull-, sølv- og platinavarer. Patentstyret administrerer registeret over ansvarsmerke i Noreg. Ei gull-, sølv- eller platinavare som blir stempla med finleiksmärke, skal samtidig stemplast med eit ansvarsmerke. Eit ansvarsmerke fortel kven som har ført vara ut i marknaden (kven som er produsent eller importør). Det gjer det mogleg å identifisere kven som har laga vara, til dømes kva for ein gullsmed det er snakk om. Ansvarsmerke må fornyast kvart tiande år etter registrering. I 2019 blei det registrert 58 nye ansvarsmerke og 25 fornyingar. Dette er eit vanleg nivå.

Representere Noreg i internasjonale forum på området immaterialrett

Patentstyret representerer Noreg i fleire forum på området immaterialrett. I forkant blir norske posisjonar avklarte med det ansvarlege departementet. Patentstyret rapporterer til departementa i vesentlege saker.

Vi bidreg i regelverksarbeid innanfor industrielle rettar og støttar ulike departement i spørsmål om IPR.

World Intellectual Property Organization (WIPO)

Patentstyret representerte i 2019 Noreg på generalforsamlingane i WIPO og i underliggjande komitear i organisasjonen på området for industrielt rettsvern. Patentstyret deltek jamleg i fleire faste komitear: system for klassifisering av oppfinningar, klassifisering av varer og tenester for søknader om varemerkevern, patentlovkomiteen, varemerke- og designkomiteen og komiteane for dei internasjonale søknadsordningane for patent, varemerke og design.

Patentstyret gjorde i 2018 ein avtale for tre år med Utanriksdepartementet om bistandsopplæring på området industrielt rettsvern. Arbeidet blir utført i samarbeid med WIPO Academy.

I 2019 arrangerte vi kurs i patentsaksbehandling for patentstyresmakter i utviklingsland. Vi gjorde også informasjonsoppdrag for verksemder i utviklingsland i samarbeid med WIPO. I tillegg gjennomførte vi eit omfattande prosjektbasert program for patentkvalitet for patentstyresmakter i utviklingsland.

European Patent Organisation (EPO)

Patentstyret representerer Noreg i forvaltningsrådet for Den europeiske patentorganisasjonen og i underliggjande komitear. I 2019 deltok Patentstyret på møte i forvaltningsrådet, møte i budsjett- og finanskomiteen, patentlovkomiteen og i teknisk/operasjonell komité.

EPO vedtok ein ny strategisk plan i 2019, og det blir teke ei rekkje avgjerder i komiteane for å følgje opp satsingane.

Samarbeidet mellom EPO og medlemslanda i dei faste komiteane er supplert av eit omfattande samarbeid i det såkalla europeiske patentnettverket (European Patent Network, EPN). Føremålet med den nye strategien er å forenkle og forbetre samarbeidet. Kvart medlemsland har ein bilateral samarbeidsplan med EPO, som gjennom aktivitetar er ordna i standardiserte prosjekt. Samarbeidet vårt har dreidd seg om IPR-opplæring av patentfullmektigbransjen og eigne saksbehandlarar, IKT-verktøy og arbeid for å styrkje bruken av det europeiske patentsystemet.

European Union Intellectual Property Office (EUIPO)

Det er viktig for næringslivet i Noreg at dette rettsområdet er føreseieleg. For å oppnå dette må ein bruke det same regelverket og praktisere det på same måten i dei ulike landa. På design- og varemerkeområdet tek derfor Patentstyret aktivt del i møte i styresmakta for varemerke og design i EU, EUIPO, og i programma for einsretting i EUIPO. Gjennom desse programma samarbeider landa for å gjere saksbehandlingspraksisen i EUIPO og i dei europeiske varemerke- og designstyresmaktene meir heilskapleg. EUIPO er også ansvarleg for observatoriet mot inngrep i immaterielle rettar. Patentstyret tek del i møta i observatoriet og deler informasjon i styresmaktsnettverket og på nettstaden velgekte.no.

EFTA

Patentstyret har også teke del i EFTA/EØS-arbeidet innanfor industrielt rettsvern. Vi har delteke på møte i spesialutvalet for immaterialrett og i arbeidsgruppa for immaterialrett i Brussel, som møter EU-kommisjonen. I enkelte tilfelle har Patentstyret også delteke i arbeidsgruppa for IPR-regelverk i EU-kommisjonen (GIIP). Etter oppmoding frå NFD har Patentstyret teke del i førebuingane til og i delegasjonen ved ei rekkje forhandlingsrundar om frihandel i EFTA-regi om særskilde vedlegg om vern av immaterialrett (Chile, Mercosur og Vietnam). Vi har på same måten teke del i førebuingane og i forhandlingane om handelsavtale mellom Noreg og Kina.

Nordisk Patentinstitutt (NPI)

Noreg er partner i Nordisk Patentinstitutt saman med Danmark og Island. NPI har to hovudaktivitetar:

- 1 Behandle PCT-søknader som ei av PCT-myndighetene i WIPO
- 2 Gjennomføre NPI-opppdrag, til dømes nyheitsundersøkingar for utanlandske kundar

NPI behandlar PCT-søknader frå norske, danske og islandske søkjarar. I tillegg kan svenske søkjarar bruke NPI. NPI skal levere tenester av god kvalitet og samtidig vere ei «lokal» PCT-myndighet som er tilpassa behova til dei nasjonale søkjarane våre.

NPI utfører også oppdrag for det utanlandske næringslivet, hovudsakleg for kundar frå Europa og USA. Dette gjeld den same typen forundersøkingar som Patentstyret utfører for norske verksemder.

NPI er organisert som ein virtuell organisasjon med eigen stab med ansvaret for administrasjon, sal og kontakt med WIPO. Saksbehandlarar i Patent- og Varemærkestyrelsen (PVS) i Danmark og Patentstyret i Noreg utfører oppdrag, gransking og IPR-fagleg harmonisering og kvalitetssikring på vegner av NPI.

Behandlinga av PCT-søknader og NPI-opppdrag er fagleg svært lik behandlinga av nasjonale patentsøknader. Det er derfor stor synergieffekt mellom desse aktivitetane og oppgåver som blir utførte som nasjonal styresmakt. Arbeidet for utanlandsk næringsliv gjev i tillegg viktig kompetanse, både i søkjestrategi, kundeoppfølging og om korleis det internasjonale næringslivet brukar patent og patentinformasjon i

forretningsstrategien sin. Denne erfaringa kjem i sin tur det norske næringslivet til gode.

Tabellen på neste side viser utviklinga i talet på PCT-søknader og NPI-opppdrag som kjem inn til Patentstyret.

PCT-søknader

I 2019 fekk Patentstyret inn om lag 15 prosent færre PCT-søknader enn i 2018. Reduksjonen kan sjåast i samanheng med nedgangen av nasjonale søknader til Patentstyret frå 2017 til 2018 og at vi fekk færre søknader som mottakarorgan for internasjonale patentsøknader i fjor enn i 2018. Norske søkjarar brukar primært EPO som internasjonal granskingsmyndighet. Eit lite tal brukar det svenske patent- og registreringsverket.

Behandling av PCT-søknader for NPI er ein del av verksemda til Patentstyret som patentstyresmakt. I motsetnad til nasjonale patentsøknader er behandling av PCT-søknader underfinansiert ettersom søknadsgebyra som blir fastsette av WIPO, ikkje dekkjer dei faktiske kostnadene for søknadsbehandlinga. Det økonomiske resultatet for PCT viser derfor eit underskot på om lag 2 millionar kroner.

NPI-opppdrag

I 2019 fekk Patentstyret 128 NPI-opppdrag, ein auke frå 2018, som var eit år der vi ikkje hadde same kapasitet til å ta på oss oppdrag. Vi reknar med å kunne utføre fleire oppdrag også i 2020. Det økonomiske resultatet for NPI-opppdrag viser som for 2018 eit balansert resultat der vi har tilnærma full kostnadsdekning.

Tabell 12: Oppgaver gjennom Nordisk Patentinstitutt

Tal i kroner

	2015	2016	2017	2018	2019
Talet på PCT-søknader	148	160	191	187	158
Talet på NPI-opdrag	105	124	152	101	128

Tabell 13: Resultat for Nordisk Patentinstitutt

Tal i kroner

	2019
PCT-søknader	
Inntekter	1 514 710
Saksbehandlarkostnader	3 394 736
Databasekostnader	196 530
Administrative kostnader	42 235
Resultat PCT-søknader	-2 118 791
NPI-opdrag	
Inntekter	2 828 541
Saksbehandlarkostnader	2 048 295
Databasekostnader	473 596
Administrative kostnader	42 235
Felleskostnader	393 889
Resultat NPI-opdrag	-129 473

Inntektene i denne tabellen blir rapporterte etter rekneskapsprinsippet og skil seg derfor fra NPI-inntektene som er presenterte under løyingsrapporteringa i del 6, som blir rapporterte etter kontantprinsippet.

Kundeeksempel

Technium

Technium AS blei etablert i Trondheim i 2015 og har i dag kontor i Trondheim og Oslo. Dei er eit team på ni personar som leverer modulære dekkssystem til sykklar, rullestolar og barnevogner. Dei patenterte dekkssystema lèt brukaren enkelt feste ulike overflater på dekkka og på den måten tilpasse dekket til bruksbehovet.


Medvite forhold til rettar

Technium har varemerkerregistrert sitt eige namn og varemerket reTyre. Dette produktet er dessutan verna med fleire internasjonale patent og varemerke-registreringar. «Technium har valt å investere i patent- og varemerkevern på bakgrunn av den unike utforminga og funksjonaliteten til produkta. Patentvernet gjer situasjonen tryggare og meir føreseieleg for produkt som kan vere enkle å kopiere, og det gjev redusert risiko ved skalering av selskapet og investeringar i produksjonskapasitet. Patentvernet gjev også auka kommersielle moglegheiter for framtidig lisensiering og partnerskap», seier Paul Magne Amundsen, som er administrerande direktør i Technium. Ein fullmektig hjelper bedrifta i patentprosessen, med oppfølging av internasjonal patentering og med strategiske avgjerder for patentering og handheving av rettar.

Patent er viktige for støtteordningar

Technium har fått mykje støttemidlar frå ulike offentlege program både i Noreg og internasjonalt, mellom anna frå Innovasjon Noreg, Forskringsrådet og Europakommisjonen (EASME). Selskapet har også fått midlar via private støtteordningar. Dermed har dei kunna investere i produksjonskapasitet og vern av IPR.

«Hovudvekta av offentlege støttemidlar har flytta seg frå teknologi til kommersialiseringspotensial, men innovasjonshøgda er framleis viktig. Det kan vere vanskeleg å vurdere innovasjonshøgda til eit produkt eller ei teneste samanlikna med produkta eller tenestene til konkurrentane, utan at ein har inngåande kunnskap om både marknaden, bransjen og teknologien. Dermed er patentvern viktig for å vise at prosjektet er unikt og nyskapande nok og har ein vedvarande konkurransefordel. Det er viktig for at støtta ikkje skal vere konkurransevridande», seier Amundsen.



4 Styling og kontroll



Vurdering av styring og kontroll

Patentstyret nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Vi meiner at Patentstyret har god styring og kontroll, og at den samla måloppnåinga er god. Vi har på bakgrunn av eksterne og interne kontrollhandlingar utarbeidd forbetringstiltak og følgjer opp dette som ein integrert del av verksemdsstyringa vår. Vi brukar kundeundersøkinga og brukardialog jamleg for å betre og tilpasse tenestene våre ut frå behova til dei ulike kundegruppene.

God internkontroll står sentralt i oppfølginga vår for å sikre at vi når måla våre, at vi har ei effektiv drift og påliteleg økonomiforvaltning, og at vi held lover og reglar. Kontrollen av korleis Patentstyret sørgjer for behandling av patent-, varemerke- og designøknader, kursverksemd og forundersøkingar, skjer gjennom eit kvalitetsstyrings-system, og vi er sertifiserte etter ISO 9001:2015. Vi har i tillegg etablert internkontroll for innkjøp og økonomi, tryggleik, graderte patent og HMS-området.

Leiargruppa i Patentstyret går tre gonger i året gjennom sju avgjerande verksemdsområde med tilhøyrande risiko-element. Føremålet med risikogjennomgangane er at den øvste leiinga skal bli orientert om og gjord ansvarleg for dei områda som treng merksemd. Dermed sikrar vi at nødvendige tiltak blir sette i verk, og at dei er forankra i den øvste leiinga. Eit fåtal av risikoelementa var i raudt (kritisk) område ved siste gjennomgang i oktober 2019. Desse blir nøye overvakte, og vi har sett i verk tiltak for å gjere oss mindre sårbare på desse områda. Utover dette avdekte vi ingen vesentlege svake sider, feil eller manglar ved avgjerande prosessar og aktivitetar i 2019.

Leiargruppa følgjer i tillegg opp eit utval styrings-indikatorar annankvar månad, slik at vi kan setje i verk korrigerande tiltak ved behov.

Tryggleik

I 2019 utarbeidde vi eit betre styringsdokument for tryggleiksstyring i Patentstyret. Vi revitaliserte også Ledelsens sikkerhetsforum (LSF), eit tryggleiksforum for leiinga. Dette forumet omfattar tryggleiksleiaren, leiarane for digitale tenester, leiaren av patentavdelinga, HR-sjefen og den ansvarlege for forvaltning. Forumet er eit verkemiddel for å kvalitetssikre, forankre og koordinere tryggleiksarbeidet på tvers av organisasjonen. Det skal følgje med på trusselbiletet og gjere ei risikovurdering av tryggleiken i Patentstyret som grunnlag for førebyggjande tryggleikstiltak. LSF førebur den årlege gjennomgangen av tryggleiksområdet i leiargruppa og planlegg kva for øvingar som skal gjennomførast. I 2019 gjennomførte vi to tryggleiksøvingar. Den eine var knytt til fysisk sikring, der ein innleigd person prøvde å kome seg inn i lokala våre, og den andre var ei phishingøving.

Hovuddelen av informasjonen Patentstyret handterer i søknadsbehandlinga, er offentleg og elektronisk søkbar gjennom søkjetenesta vår. Det finst likevel nokre unntak – hovudsakleg innhald i førstesøknader om patent i inntil 18 månader etter at søknaden er levert til Patentstyret. Det same gjeld forundersøkingar vi utfører for norske kundar, og NPI-oppdrag for utanlandske kundar. Etter vår vurdering er den største risikoen for Patentstyret at slik konfidensiell informasjon kjem på

avvegar, eller at informasjonen i registera våre går tapt. Vi har tryggleikstiltak som tek omsyn til dette.

Det har ikkje vore nokon målretta angrep eller spesielle utfordringar innanfor området informasjonstryggleik i 2019. Mengda spam og skadevare som blir motteken i e-post, er omtrent som i 2018. Av aktivitetar i 2019 kan vi nemne einingsautentisering i nettverket, slik at vi no har full kontroll på alle einingar som er kopla til nettverket vårt. Vi har også stramma inn på brukarrettar. Som tidlegare år har vi gjennomført nettlæringskurs i informasjonstryggleik for alle tilsette, og resultatet av den gjennomførte phishing-øvinga tyder på stort kollektivt medvit om tryggleik hos medarbeidarane. Vi har også gjennomført risikovurdering av dei mest avgjerande IKT-systema våre.

Vi vurderer tryggleiken som god innanfor våre ansvars-område, og det er ikkje registrert uønskete hendingar i 2019.

Graderte patent

Patentstyret fell inn under tryggleikslova gjennom at vi handterer graderte patent. Det dreier seg om svært få søknader som blir behandla av eit fåtal tryggleiksklarerte medarbeidarar. Det er ikkje rapportert om uønskete hendingar i 2019. Vi har oppdatert styringssystemet vårt og grunnlagsdokumenta våre for at dei skal samsvare med den nye tryggleikslova.

Likestilling, mangfold og inkluderingsdugnaden til regjeringa

Patentstyret har ført vidare arbeidet med mangfold og likestilling i 2019. Målet er å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, kjønn, alder og nedsett funksjonsevne. Vi undersøker årleg arbeidsmiljøet, og undersøkinga i 2019 gav ingen indikasjon på at det skjer diskriminering i Patentstyret.

Ved utgangen av 2019 var det totalt 245 medarbeidarar i Patentstyret, og dei utgjer 233,4 årsverk ut frå dei nye retningslinjene frå DFØ om utrekning (235,2 årsverk etter den tidlegare utrekningemetoden).

59,2 prosent av dei tilsette i Patentstyret er kvinner, og størst kvinnerepresentasjon har vi i dei lågare stillingskategoriane og blant rådgjevarane, seniorrådgjevarane og seksjonssjefane. Kvinnedelen blant leiarar er 54,2 prosent, og Patentstyret innfrir dermed kravet frå staten om minimum 40 prosent. I toppleiinga var kvinnedelen 44,4 prosent i 2019.

Vi ser at gjennomsnittleg løn for menn er noko høgare enn for kvinner i dei fleste stillingskodane. Vi meiner at dette ikkje er resultat av ei systematisk diskriminering av kvinner, men at det finst naturlege forklaringar. Vi er spesielt merksame på dette forholdet i lokale lønsforhandlingar og ber leiarane spesielt vurdere om eventuelle skeive tal kan knytast til kjønn.

I Patentstyret har vi stort etnisk mangfold, og ved utgangen av 2019 hadde 15,1 prosent av dei tilsette eit anna etnisk opphav enn norsk. Dette vil seie at dei er innvandrarakar fødde i utlandet eller norskfødde med

Tabell 14: Kjønn og løn

Stillingskodar	År	Kjønnsbalanse		Total (N)	Månadsløn	
		Menn %	Kvinner %		Menn Kr.	Kvinner Kr.
Totalt i Patentstyret	2019	40,8	59,2	245	58 304	52 200
	2018	39,1	60,9	253	56 803	50 087
Direktør	2019	100,0		1		
	2018	100,0		1		
1060 Avdelingsdirektør	2019	57,1	42,9	7	91 315	83 416
	2018	83,3	16,7	6	85 061	
1211 Seksjonssjef	2019	37,5	62,5	16	70 566	67 128
	2018	25,0	75,0	16	67 501	67 121
1088 Sjefingeniør	2019	57,5	42,5	40	65 009	61 369
	2018	58,5	41,5	41	63 330	59 705
1364 Seniorrådgjevar	2019	47,1	52,9	51	59 150	54 595
	2018	46,3	53,7	54	56 669	53 413
1181 Senioringeniør	2019	55,6	44,4	27	53 246	53 180
	2018	51,7	48,3	29	51 640	50 346
1434 Rådgjevar	2019	32,1	67,9	28	47 940	48 460
	2018	32,1	66,9	28	45 954	47 135
1087 Overingeniør	2019	57,1	42,9	7	45 656	47 180
	2018	62,5	37,5	8	43 519	45 689
1085 Avdelingsingeniør	2019	50,0	50,0	2		
	2018	50,0	50,0	2		
1408 Førstekonsulent	2019	50,0	50,0	15	40 064	43 837
	2018	7,1	92,9	14		41 785
1363 Seniorkonsulent	2019	14,6	85,4	48	45 933	44 453
	2018	15,4	84,6	52	44 436	42 959
1065 Konsulent	2019	50,0	50,0	2		
	2018	50,0	50,0	2		

innvandrareldre. I 2018 var prosentdelen 14,6 prosent. Av innbyggjarane i Noreg har 17,7 prosent ein annan etnisk bakgrunn enn norsk (kjelde: Statistisk sentralbyrå, per 5. mars 2019).

Vi nyttar moderat kvotering for søkjarar med ikkje-vestleg etnisk bakgrunn eller med nedsett funksjons-evne i avdelingar som ikkje oppfyller målkrava. Vi kallar alltid inn minst ein kvalifisert søkjar med ikkje-vestleg etnisk bakgrunn dersom dette kjem fram i søknaden. Vi lyser ut alle stillingar på nettstaden www.inkludi.no, som rettar seg spesielt mot søkjarar med annan etnisk bakgrunn enn norsk. I rekrutteringssystemet vårt får alle søkjarane nokre innleiande spørsmål der det blir spurt om dei har innvandrarakgrunn eller nedsett funksjonsevne. Desse spørsmåla må ein svare på før ein kjem vidare i systemet, og slik får vi oversikt over kva for søkjarar dette gjeld. Dermed kan vi kalle inn minst ein kvalifisert søkjar som svarar ja på desse spørsmåla. Vi skal i 2020 også leggje inn spørsmål som gjeld høl i CV-en. Til dei nye stillingane som blei lyste ut i Patentstyret i 2019, var ingen av søkjarane i kategoriene «høl i CV-en» eller «har funksjonsnedsetjingar».

Tabell 15: Kjønn, arbeidstid og frávær

År	Talet på tilsette		Deltid		Mellombels tilsetjing		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefrávær	
	Tot. (N)	Menn %	Kvinner %	Menn %	Kvinner %	Menn %	Kvinner %	Menn %	Kvinner %	
2019	245	*1,0	**5,5	0	0	0	0,9			
2018	253	*2,0	**9,3	1,0	2,0	0	2,0	1,9	6,3	

* Deltid menn: Av 100 menn jobbar 3 redusert, men av desse har 2 fått innvilga ein viss prosentdel uførepensjon og er ikkje med i utrekninga.

** Deltid kvinner: Av 145 kvinner jobbar 26 redusert, men av desse har 14 fått innvilga ein viss prosentdel uførepensjon, og 4 har ein viss prosentdel AFP. Desse er ikkje med i utrekninga. 8 er dermed medrekna i deltid.

Sjukefrávær

Vi har som mål at medarbeidarane våre skal vere til stades 95 prosent av tida, og vi følgjer derfor opp sjukefráværet tett. I 2019 var det på 5,8 prosent, mot 6,5 prosent i 2018. Vi nådde dermed ikkje målet vårt heilt. Det legemelde fráværet var på 3,7 prosent, mot 4,5 prosent i 2018. Det eigenmelde fráværet var på 2,1 prosent, mot 2 prosent i 2018.

Ytre miljø

Patentstyret er sertifisert som miljøfyrtårn og rapporterer særskilt om det.

Lærlingar

IKT-lærlingen vår gjennom to år greidde fagprøva med glans og fekk fagbrevet sitt hausten 2019. Han blei som den einaste av 450 lærlingar tildelt fagprøvedaljen, som blir tildelt ein lærling som får eit svært godt resultat på fag- eller sveineprøva. Patentstyret har bestemt seg for å ta inn ein ny lærling i 2020, denne gongen innanfor mediegrafikarfaget.

Personvern

I 2019 har vi følgd opp system og retningslinjer for personvern. Vi har gjennomført ein intern revisjon på området som ein del av kvalitetsarbeid og risikostyring i Patentstyret.

Funna frå revisjonen blir følgde opp kontinuerleg. Vi har også jobba vidare med dokumentasjon for behandling av personopplysningar og inngått fleire databehandlaravtalar. I tillegg har vi på ulike måtar jobba for å auke medvitnet og kompetansen om personvern i organisasjonen.

Etiske retningslinjer

For å bidra til at Patentstyret blir drive i samsvar med dei lovene og reglane som gjeld, inkludert krav til god forvaltningsskikk, habilitet og etisk åtferd, tek vi opp tema som gjeld dei etiske retningslinjene for statstenesta på allmøte for alle tilsette. I 2019 var temaa introduksjon til dei etiske retningslinjene, generelle føresegnar og gåver, yringsfridommen til dei tilsette og varsling om kritikkverdige forhold.

Arbeidslivskriminalitet

Som innkjøpar ønskjer Patentstyret å ta ansvar for å motverke arbeidslivskriminalitet. Vi har definert ansvaret gjennom skriftlege rutinar som dei ansvarlege tilsette kjenner til. Ved kjøp av tenester gjer vi ei risikovurdering av om vi bør vere spesielt merksame på farar for arbeidslivskriminalitet. For tida er det primært reinhaldstenester og kantinetenester som blir vurderte å ha høg risiko. Vi legg ei bransjevurdering til grunn for definisjonen av risiko, ikkje ei vurdering av dei spesifikke leverandørane våre. Vi har rutinar og følgjer opp avtalane i planleggings-, konkurranse- og oppfølgingsfasen. I oppfølgingsfasen, altså i kontraktperioden, gjennomfører vi som oppdrags-gjevar kontroll av relevant dokumentasjon frå leverandørane i pakt med forskriftene. Vi kontrollerer spesielt løn, arbeidsavtale og arbeidstid, og dokumenterer kontrollane etter eigne rutinar. Vi har ikkje avdekt nokon forhold som gjeld arbeidslivskriminalitet i 2019.



Vurdering av framtidssutsikter



Vurdering av framtidsutsikter

Ved inngangen til 2020 er den internasjonale økonomien prega av uvisse, både på grunn av politisk uro og auka proteksjonisme. I tillegg har Storbritannia no forlate EU. I denne situasjonen har Det internasjonale pengefondet (IMF) justert ned prognosane sine for samla økonomisk vekst i verda til 3,4 prosent, som er det lågaste nivået sidan finanskrisa. Norsk økonomi har vore lite påverka av den svakare veksten internasjonalt dei siste åra. No meiner likevel Noregs Bank at konjunkturtoppen er nådd, og dei ventar ein noko svakare vekst i norsk økonomi i 2020.

Den internasjonale økonomien er prega av stadig meir merksemd rundt klima og miljø. Dette vil også påverke olje- og gassnasjonen Noreg og utviklinga i norsk økonomi. Samtidig kan større vektlegging av klima gjere det mogleg for det norske næringslivet å utvikle nye produkt og tenester gjennom forskning og innovasjon. Takka vere viktige patenterte oppfinningar kan ein gjere store betringar innanfor fornybar energi. Samtidig ser vi ein stor auke i patent på dette området globalt, og det verkar også inn på det norske næringslivet.

Trass i den økonomiske uvissa er det framleis sterk vekst internasjonalt i mengda søknader om patent, varemerke og design, særleg frå Asia. I Patentstyret opplever vi også framleis høg og til dels aukande bruk av tenestene våre, men vi registrerer samtidig at det har kome færre patentsøknader frå norske søkjarar dei

siste tre åra. Vi forventar framleis ein god søknadsinngang totalt sett i 2020, både på varemerkeområdet og frå europeiske patent som blir gjorde gjeldande i Noreg.

Patentstyret

Patentstyret har som ambisjon å bli blant dei beste IPR-styresmaktene i Europa. I 2019 førebudde vi derfor ei organisasjonsendring for patentområdet som blir sett i verk i 2020. Dette skal hjelpe oss til å auke effektiviteten, fleksibiliteten og kvaliteten vidare. I 2020 held vi også fram med å digitalisere arbeidsprosessar og kundetenester etter planen for digitalisering av verksemda – *Digital 24*. I 2020 vil vi mellom anna prøve ut automatisk attkjening av bilete i søknadsbehandlinga.

IPR-systema omfattar fleire internasjonale avtalar, og Patentstyret har eit omfattande samarbeid med ei rekkje IPR-styresmakter. Ei av desse, Det europeiske patentverket (EPO), lanserte i 2019 ein ny strategi som opnar for tettare samarbeid med nasjonale patentstyresmakter. I 2020 vil Patentstyret derfor styrkje samarbeidet med EPO vesentleg, ikkje minst innanfor utvikling av felles, digitale løysingar.

Patentstyret er eit nasjonalt kompetansesenter for immaterielle rettar (IPR), og eit av måla er derfor å bidra til styrkt IPR-kompetanse i Noreg. På dette feltet er vi avhengige av godt samarbeid nasjonalt – med næringsliv, det offentlege verkemiddelapparatet, bransjeorganisasjonar


og universitet og høgskular. Det offentlege verkemiddelapparatet blei evaluert i 2019, og det vil truleg bli vedteke endringar i løpet av 2020. Patentstyret må derfor sikre at dei gode samarbeidsrelasjonane til eit framtidig «nytt» verkemiddelapparat held fram.

Universitet og høgskular er også viktige arenaer for å spreie kunnskap om IPR. I 2019 etablerte vi ein samarbeidsavtale med Universitetet i Agder om ulike IPR-kompetansetiltak, og framover ønskjer vi å gjere liknande avtalar med andre universitet.

Som kompetansesenter har Patentstyret også ei oppgåve med å formidle kva verdi IPR har for innovasjon og kommersialisering. I 2020 gjennomfører Nærings- og fiskeridepartementet ei utgreiing om kva verdiskapingspotensial immaterielle rettar har i det norske næringslivet. Patentstyret vil bidra med informasjon og kunnskap til utgreiinga og truleg også i oppfølginga av eventuelle tilrådingar og tiltak.



Årsrekneskap



Kommentarar frå leiinga – forklaringar til rekneskapen

Dei samla inntektene til Patentstyret i 2019 utgjorde totalt kr 269 095 864, som er omtrent 1,3 prosent mindre enn den samla salderde inntektsløyvinga på kr 272 524 000, som var basert på den oppjusterte prognosen frå Patentstyret. Avviket skriv seg mellom anna frå nokre færre fornyingar av varemerke.

Inntekter av informasjonstenester kr 4 173 535 (kap. 3935, post 01) og inntekter som er knytte til NPI kr 4 335 270 (kap. 3938, post 02), blei samla sett om lag 0,5 millionar kroner lågare enn inntektskravet. Dette kjem av lågare etterspørsel etter forundersøkingar og færre PCT-søknader enn i 2018. Vi viser også til eiga rapportering om NPI i del 3.

Inntekter frå gebyr (kap. 0935, post 03) blei høgare enn inntektsløyvinga på tilsvarande kapittel og post, med kr 1 814 861. Dette skriv seg i hovudsak frå ein auke i talet på europeiske patent som blei leverte inn for validering i Noreg, men også endringane i patentlova, som førte til ei omklassifisering av enkelte inntekter frå avgift til gebyr.

Avgifter, immaterielle rettigheter (kap. 5575, post 71 har eit negativt avvik på 4 931 706 kroner. Dette har fleire årsaker, men kan i hovudtrekk samanfattast slik:

- Vi hadde færre kunngjorde patent enn tidlegare estimert. No når etterslepet på patent er vekke, kan færre saker avgjerast ved forenkla behandling.
- Det er lågare gjennomsnittleg tilleggsavgift per kunngjering enn i tidlegare år.

- Det er færre fornyingar på varemerke enn tidlegare estimert.

Sjukepengar og andre refusjonar utgjorde kr 5 013 337.

Ubrukte midlar i 2019 utgjer kr 97 526, som svarar til 0,04 prosent av samla løyving på kapittel 0935, post 01.

Patentstyret har i 2019 auka innsatsen for å behandle varemerkesøknader, for dermed å unngå oppbygging av etterslep på varemerkeområdet. Vi har også behandla fleire valideringar av europeiske patent i Noreg. Dette har ført til auka utgifter, men også til auka inntekter, som vist under kap. 3935, post 03 Gebyr, immaterielle rettar. I andre tertialrapport og i etatsstyringsmøtet 3. desember 2019 informerte Patentstyret om risikoen for overskriding av utgifts-løyvinga på grunn av auka ressursar til behandling av etterslep på varemerkeområdet.

På grunn av dei høge pensjonskostnadene i 2019 var utgiftsbudsjettet i utgangspunktet stramt og høvet til vidare innsparing avgrensa. Patentstyret føreslo derfor i endringsproposisjonen ei justering av utgiftskapittel 935, post 01 med 3,215 millionar kroner. Forslaget blei vedteke i Prop. 20 S (2019–2020), og utgifts-løyvinga blei auka frå 266,3 millionar kroner til 269,5 millionar kroner. Dette resulterte i eit resultat som er tilnærma løyvinga på kapittel 0935, post 01.

Basert på prognosane våre blei det samtidig også vedteke ei oppjustering av inntektsløyvinga vår.

Patentstyret har i eige brev til NFD og i note B i årsrekneskapsrapporteringa i årsrapporten for 2019 søkt om å få overført ubrukne midlar på 97 256 kroner og meirinntekter i samsvar med meirinntektsfullmakt på kapittel 3935 post 04, til saman 292 431 kroner, til ny budsjettermin 2020 på kapittel 0935, post 01.

Eg stadfestar med dette at årsrekneskapen til Patentstyret er levert i samsvar med *bestemmelser om økonomistyring i staten*, rundskriv R-115 av 17. desember 2019 frå Finansdepartementet og krav frå NFD. Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Patentstyret. Revisjonsordninga er kostnadsfri. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato. Eg meiner rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, eigedelar og gjeld for Patentstyret.

Oslo, 2. mars 2020



Per A. Foss, direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapar for statlege verksemder er utarbeidde og leverte etter nærare retningslinjer som er fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærare føresegnar i rundskriv R-115 av november 2016 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskonto-rapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a. Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c. Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa står i samsvar med krav i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til den statlege konsernkonto-ordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i pkt. 3.7.1 i føresegnene. Bruttobudsjetterte verksemder får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forplikingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/postar (belastingsfullmakter) som høyrer til ei anna verksemd, kjem ikkje fram i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene som gjeld mottekne belastingsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Belastingsfullmakter som er gitt, er tekne med i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastingsfullmakter som er gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og kjem derfor ikkje fram i kolonnen for rekneskap. Fullmaktene som er gitt, kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. DFØ har, med heimel i delegert mynde etter reglement for økonomistyring i staten § 3 første ledd, gjeve Patentstyret unntak frå kravet i bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 3.3.3 om bruk av standard kontoplan for sektoravgifta «Avgifter til immaterielle eigedelar».

Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og kjem derfor ikkje fram som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyvingrapportering, 31.12.2019

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling *	Rekneskap 2019	Meirutgift (-) og mindreutgift
0935	Patentstyret	01	Driftsutgifter	A,B	271 135 000	271 037 474	97 526
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			9 389 795	
<i>Sum utgiftsført</i>					271 135 000	280 427 269	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling *	Rekneskap 2019	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3935	Patentstyret	01	Inntekt av informasjonstenester	B	4 416 000	4 173 535	
3935	Patentstyret	02	NPI-inntekter	B	4 599 000	4 335 270	
3935	Patentstyret	03	Gebyr, immaterielle rettar	B	103 509 000	105 323 861	
3935	Patentstyret	04	Ymse inntekter	B	4 500 000	4 694 905	194 905
3936	Klagegebyr, KFIR	01	Gebyr m.m., driftsinntekter	B		585 300	
5574	Sektoravgifter under NFD	71	Avgifter, immaterielle rettar	B	155 500 000	150 568 294	
5700	Inntekter til folketrygda	72	Arbeidsgjevaravgift			25 839 763	
<i>Sum inntektsført</i>					272 524 000	295 520 927	

Netto rapportert til løyvingrekneskapen

-15 093 658

Kapitalkontoar

60088601	Noregs Bank KK / innbetalingar					319 389 681	
60088602	Noregs Bank KK / utbetalingar					-304 576 302	
709415	Endring i mellomvære med statskassen					280 278	
<i>Sum rapportert</i>							-1

Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

Konto	Tekst	2018	2017	Endring
709415	Mellomvære med statskassen	-9 885 345	-10 165 622	280 277

* Samla tildeling skal ikkje reduserast med eventuelle gjevne løyvingfullmakter (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapittel). Sjå note B, «Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år» for nærare forklaring.

Note A Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
93501	1 635 000	269 500 000	271 135 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre ut frå gjevne løyving- fullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter gjevne belastings- fullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) ut frå meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyving for neste år	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp *	Mogleg overførbart beløp rekna ut av verksemda
0935/01		97 526		97 526				97 526	13 475 000	97 526
3935/04				0	194 905			194 905		194 905

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av løyvinga i år på driftspostane 01–29, unnta post 24, eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

- 1 Mottekne belastningsfullmakter (gjeld for både utgiftskapittel og inntektskapittel)
- 2 Stikkordet «kan overførast»
- 3 Stikkordet «kan nyttast under»
- 4 Stikkordet «overslagsløyving»
- 5 Gjevne belastningsfullmakter (utgiftsført av andre på utgiftskapittel og inntektsført av andre på inntektskapittel)
- 6 Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter
- 7 Fullmakt til å overskride investeringsløyvingar mot tilsvarande innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel
- 8 Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsføremål mot tilsvarande innsparing i dei tre følgjande budsjettåra
- 9 Innsparing i rekneskapsåret som følgje av bruk av fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsføremål mot tilsvarande innsparing i dei tre følgjande budsjettåra
- 10 Romartalsvedtak
- 11 Mogleg overførbart beløp

Oppstilling av artskontorrapporteringa, 31.12.2019

	Note	2019	2018
Driftsinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	105 909 161	95 458 245
Innbetalinger frå tilskot og overføringar			
Sals- og leigeinnbetalningar	1	163 772 003	165 927 841
Andre innbetalningar			
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		269 681 164	261 386 086
Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til løn	2	210 101 870	194 983 055
Andre utbetalningar til drift	3	58 886 277	61 956 524
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		268 988 147	256 939 579
Netto rapporterte driftsutgifter		-693 017	-4 446 507
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	8 139
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	8 139
Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	2 045 068	2 385 800
Utbetaling til kjøp av aksjar			
Utbetaling av finansutgifter	4	4 259	
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		2 049 327	2 385 800
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 049 327	2 377 661

Tabellen fortset på neste side

Fortsettning av tabell frå forrige side

	Note	2019	2018
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.			
<i>Sum innkrevjingsforvaltning og andre overføringar til staten</i>		0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader			
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (jf. kap. 5309, inntekt)			
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)		25 839 763	24 115 274
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (jf. kap. 1633, utgift)		9 389 795	10 059 260
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		-16 449 968	-14 056 014
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		-15 093 658	-16 124 860
Oversikt over mellomvære med statskassen **			
Eigedelar og gjeld		2019	2018
Fordringar		-183 166	-30 032
Kontantar			
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank			
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-7 751 217	-8 294 946
Skuldige offentlege avgifter		-1 091 881	-783 294
Anna gjeld		-859 081	-1 057 350
Sum mellomvære med statskassen	8	-9 885 345	-10 165 622

* Andre ev. inntekter/utgifter som er rapporterte på felleskapittel, er spesifiserte på eigne linjer ved behov.

** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

Note 1 Innbetalinger frå drift

	31.12.2019	31.12.2018
Innbetalinger frå gebyr		
393503 Gebyr, immaterielle rettar	105 323 861	95 115 245
393601 Klagenemnda for industrielle rettar	585 300	343 000
<i>Sum innbetalinger frå gebyr</i>	105 909 161	95 458 245
Sals- og leigeinnbetalinger		
393501 Inntekt av informasjonstenester	4 173 535	4 442 916
393502 NPI-inntekter	4 335 270	3 683 514
393504 Ymse inntekter	4 694 905	655 000
557471 Avgifter, immaterielle rettar	150 568 293	157 146 411
<i>Sum sals- og leigeinnbetalinger</i>	163 772 003	165 927 841
Sum innbetalinger frå drift	269 681 164	261 386 086

Note 2 Utbetalinger til løn

	31.12.2019	31.12.2018
Løn	161 446 312	159 058 124
Arbeidsgjevaravgift	25 839 763	24 115 274
Pensjonsutgifter*	24 872 433	14 630 728
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-5 013 337	-4 797 735
Andre ytingar	2 956 699	1 976 664
Sum utbetalinger til lønn	210 101 870	194 983 055
Talet på utførte årsverk:	233	242**

* Nærare om pensjonskostnader

Pensjonar blir kostnadsførte i resultatrekneskapen basert på faktisk påkommen premie for rekneskapsåret. Premiesatsen for 2019 er 16,8 prosent. Premiesatsen for 2018 var 10,8 prosent.

** Nærare om talet på utførte årsverk

For 2018 er det talet på årsverk og ikkje talet på utførte årsverk som er vist.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2019	31.12.2018
Husleige	17 151 971	16 693 120
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	204 224	26 931
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	5 501 687	5 969 962
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr m.m.	135 726	37 881
Mindre utstyrsinnkjøp	195 615	49 191
Leige av maskiner, inventar og liknande	10 179 000	10 522 216
Kjøp av framande tenester*	5 285 240	11 045 864
Kjøp av konsulenttenester*	5 755 945	
Kjøp av andre framande tenester*	566 759	
Kjøp av databasetenester	6 625 000	6 859 000
Reiser og diett	2 945 183	2 445 749
Andre driftsutgifter	4 339 927	8 306 610
Sum andre utbetalinger til drift	58 886 277	61 956 524

* Frå og med 2019 blir konsulenttenester og andre framande tenester presenterte separat. I samanlikningstala for 2018 er kjøp av framande tenester presentert samla på notelinja kjøp av framande tenester.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2019	31.12.2018
Innbetaling av finansinntekter		
Valutagevinst		8 139
Sum innbetaling av finansinntekter	0	8 139
Utbetaling av finansutgifter		
Valutatap	4 259	
Sum utbetaling av finansutgifter	4 259	0

Note 5 Utbetaling til investeringar

	31.12.2019	31.12.2018
Utbetaling til investeringar		
Immaterielle egedelar og liknande	132 805	
Tomter, bygningar og annan fast eigedom		
Infrastruktureigedelar		
Maskiner og transportmiddel	1 715 301	2 274 523
Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	196 962	111 277
Sum utbetaling til investeringar	2 045 068	2 385 800

Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

	31.12.2019 Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	31.12.2018 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassen	Skilnad
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	6 578 558		6 578 558
Andre fordringar	-183 166	-183 166	0
<i>Sum</i>	6 395 392	-183 166	6 578 558
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-552 614		-552 614
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-7 207 263	-7 207 263	0
Skuldige offentlege avgifter	-1 772 852	-1 635 835	-137 017
Anna kortsiktig gjeld	-1 378 871	-859 081	-519 790
<i>Sum</i>	-10 911 600	-9 702 179	-1 209 421
Sum	-4 516 208	-9 885 345	5 369 137

* Verksemdar som eig finansielle anleggsmidlar i form av investeringar i aksjar og selskapspartar, fyller også ut note 8 B.

Patentstyret

Besøksadresse:
Sandakerveien 64, Oslo

Postadresse:
Postboks 4863 Nydalen
0422 OSLO

Kundesenter: 22 38 73 00
E-post: post@patentstyret.no

Følg oss på:

patentstyret.no